Sør-Trøndelag .....	43	4 881	1 103	9	6 036	2 199	120 111	409	919	50 107
Nord-Trøndelag .....	26	4 632	721	20	5 399	3 883	112 578	1 177	1 385	50 328
Nordland .....	16	3 919	1 774	24	5 733	573	90 548	1 711	1 047	37 986
Troms .....	2	1 859	1 227	45	3 133	103	56 349	4 013	507	23 648
Finnmark .....	7	532	389	2	930	32	14 823	79	198	6 066
I alt.....	555	52 491	16 511	390	69 947	52 597	1 575 050	21 832	32 470	708 673

	Relative tal									
	Østfold	6,1	5,4	0,1	—	4,1	9,1	6,1		
Akershus og Oslo .....	7,6	5,1	0,5	—	4,0	10,4	6,7	0,1	8,6	6,9
Hedmark .....	4,3	7,9	5,0	10,2	7,2	10,9	8,7	12,3	7,0	8,8
Oppland .....	14,8	8,8	6,3	12,6	8,3	11,0	9,0	18,8	4,0	9,1
Buskerud .....	2,3	3,3	3,1	1,5	3,2	2,9	3,7	1,7	4,0	3,6
Vestfold .....	2,3	3,5	0,2	—	2,7	5,6	3,2	—	6,9	3,6
Telemark .....	3,1	2,5	2,0	1,8	2,4	3,3	2,7	2,3	3,8	2,7
Aust-Agder.....	0,2	1,3	1,6	—	1,4	1,5	1,5	0,1	2,0	1,5
Vest-Agder .....	0,7	2,3	2,2	0,3	2,3	1,3	2,5	0,1	3,2	2,3
Rogaland .....	13,9	11,1	17,3	5,1	12,6	21,1	12,2	2,3	25,9	13,7
Hordaland og Bergen.....	7,4	5,4	11,3	8,5	6,8	4,2	6,2	3,4	5,5	5,9
Sogn og Fjordane .....	12,6	6,2	10,8	21,3	7,4	2,8	5,4	16,9	1,8	5,2
Møre og Romsdal .....	8,1	7,1	8,0	13,1	7,3	2,9	7,1	8,1	3,6	6,5
Sør-Trøndelag .....	7,7	9,3	6,7	2,3	8,6	4,2	7,6	1,9	2,8	7,1
Nord-Trøndelag .....	4,7	8,8	4,4	5,1	7,7	7,4	7,1	5,4	4,3	7,1
Nordland .....	2,9	7,5	10,7	6,2	8,2	1,1	5,8	7,8	3,2	5,4
Troms .....	0,4	3,5	7,4	11,5	4,5	0,2	3,6	18,4	1,6	3,3
Finnmark .....	1,3	1,0	2,4	0,5	1,3	0,1	0,9	0,4	0,6	0,9
I alt.....	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0

<sup>1</sup> Sjå tabell 19, note 2.

I samband med totalrekneskapen for jordbruket set Budsjett nemnda for jordbruket opp mengdene av husdyrprodukt på ein noko annan måte. Produksjonsteljingane og oppgåver over omsetnaden av husdyrprodukt er lagde til grunn for utrekningane. Utrekninga gjeld heile jordbruksnæringa og gjeld for kalenderåret. Også på andre måtar skil desse utrekningane seg ut frå dei som ligg til grunn for tabell 19. Difor kan ein ikkje utan vidare jamføra oppgåvene. For kjøt og flesk syner såleis tala for Budsjett nemnda kva som er teki ut frå buskapen som slakt, medan tala frå produksjonsteljingane syner produksjonen som «tilvokster», der det er teki omsyn til auke og nedgang i buskapen.

Tabell 21 syner mengdene av husdyrprodukt etter totalrekneskapen.

**Tabell 21. Sal, heimeforbruk og fôr (nettoproduksjon) etter totalrekneskapen for jordbruket. Reviderte tal. Tonn.**

	Kjøt					Flesk	Mjølk		Egg	Fjørfe- slakt	Ull
	Hest	Storfekjøt og kalv	Sau og lam	Geit og kje	I alt		Kumjølk	Geit- mjølk			
1955	2 288	55 466	16 395	437	74 586	49 522	1 495 000	22 100	29 542	3 195	3 517
1956	2 683	48 138	14 600	383	65 804	52 428	1 541 000	22 800	31 312	4 891	3 835
1957	2 634	49 886	14 400	391	67 311	50 938	1 566 000	23 100	29 848	4 519	3 842
1958	2 250	50 020	14 000	371	66 641	46 445	1 514 000	20 200	28 707	4 336	3 905
1959	2 436	50 361	13 700	345	66 842	49 249	1 537 000	20 900	31 680	4 153	14 394
1960	2 389	50 400	14 030	342	67 161	54 668	1 614 000	21 100	33 077	3 886	14 645
1961 <sup>2</sup>	2 539	55 758	13 849	343	72 489	56 080	1 622 000	20 400	31 350	3 841	14 071

<sup>1</sup> Nytt utrekningsgrunnlag frå 1959. <sup>2</sup> Førebels oppgåve.

Førebels oppgåve for 1961 syner stor auke i produksjonen av storfekjøt og nokon auke også for flesk og kumjølk, medan eggproduksjonen gjekk noko ned.

Utanom slakt av dei vanlege husdyra reknar totalrekneskapen med ca. 1 000 tonn kjøt av tamrein og ca. 90 tonn kaninkjøt pr. år. Samla produksjon av kjøt og flesk, medrekna fjørfe, tamrein og kaninar var såleis 126 800 tonn i 1960.

Om produksjon av pelsskinn sjå side 29.

### Meieridrifta.

Årsstatistikken over meieridrifta i landet vert gjeven ut årleg i publikasjonen «Meieribruk i Noreg». Byrået samlar og inn oppgåver for kvar månad over innevegen mjølkemengd, produksjon og lager m. v. ved meieria. Månadsstatistikken vert prenta etter kvart i Statistisk ukehefte.

Tabellane 22, 23 og 24 gjev eit oversyn over meieridrifta etter årsstatistikken og månadsrapportane.

Tabell 22. Oversyn over meieridrifta.

	Innvegen mjølkeh- mengd Tonn	Produsert i alt. Tonn						Netto- vinning i øre pr. kg mjølk
		Smør	Mager ost	Feit ost	Kasein	Geit- og fløyte- mysost	Mager mysost og prim	
1949.....	890 569	10 716	1 759	9 486	3 303	8 621	1 419	46,73
1955.....	1 060 699	10 517	1 223	16 079	4 681	11 497	398	63,11
1956.....	1 136 120	12 487	1 201	19 641	5 415	11 954	455	71,52
1957.....	1 196 717	15 655	1 014	18 502	5 858	11 484	459	71,87
1958.....	1 184 632	13 422	1 176	21 695	4 877	13 367	663	73,25
1959.....	1 235 057	14' 870	1 387	23 730	5 616	12 698	685	76,89
1960.....	1 321 540	18 069	1 127	24 769	5 936	12 657	827	76,37
1961 <sup>1</sup> .....	1 331 960	16 973	1 261	25 342	4 623	12 488	838	..

<sup>1</sup> Etter månadsrapportane.

Tabell 23. Innvegen mjølkemengd for kvar måned. Tonn.

	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
1949	57232	56310	69726	81259	95681	95055	82939	78179	69433	63435	60376	65463
1959	86998	84347	103174	122995	138772	141751	121358	104714	90331	81766	79546	88012
1960	91639	97699	117905	137089	152617	143463	123299	113335	95412	84234	80813	88073
1961	93933	92375	115261	135966	153829	147170	128467	112075	96142	84353	83340	89049

Etter månadsrapportane var den innvegne mjølkemengd i 1961 i alt 1 331 960 tonn, eller knapt 0,5 prosent meir enn i 1960.

For dei einskilde mjølkesentralar var den innvegne mjølkemengda i 1961 i høve til året før: Østlandets 101 prosent, Telemark 99 prosent, Aust-Agder 97 prosent, Vest-Agder 96 prosent, Vestlandske 99 prosent, Møre og Romsdal 100 prosent, Trøndelag 102 prosent og Nord-Norges 104 prosent.

Tabell 24. Produksjon av smør og ost ved meieria  
i dei einskilde månader. Tonn.

	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
Smør												
1949	708	559	818	1 243	1 595	1 610	1 250	817	699	509	474	446
1959	852	804	1 085	1 631	2 151	2 422	1 707	1 162	928	701	703	772
1960	1 074	1 059	1 576	2 208	2 692	2 600	1 879	1 450	998	684	684	688
1961	976	949	1 320	2 247	2 558	2 647	1 859	1 343	1 001	685	704	684
Kvit ost												
1949	578	477	758	1 233	1 435	1 513	1 229	1 037	824	652	553	659
1959	1 398	1 393	1 911	2 721	2 971	3 274	2 792	2 278	2 049	1 613	1 336	1 356
1960	1 527	1 688	2 495	2 926	3 116	3 126	2 747	2 596	2 132	1 599	1 295	1 294
1961	1 444	1 385	2 149	2 874	3 330	3 457	3 008	2 669	2 180	1 665	1 227	1 215
Brun ost												
1949	539	532	821	1 066	1 300	1 285	1 068	900	677	556	555	663
1959	1 178	1 144	1 285	1 609	1 455	1 502	1 292	958	786	588	677	806
1960	992	1 126	1 416	1 338	1 416	1 433	1 247	1 097	899	764	779	885
1961	1 054	1 080	1 305	1 363	1 366	1 480	1 243	1 078	852	732	859	914

### Fjøskontrollen.

Tabell VII bak i boka gjev eit oversyn over resultata av fjøskontrollen i 1905—1961 og oppgåver for dei einskilde fylke i 1961. Omfanget av fjøskontrollen har auka frå om lag 5 prosent av kyrne i landet i 1905 til 31,6 prosent i 1961. Medels avdrått for dei kontrollerte kyrne auka frå 2 900 i 1949 til vel 3 500 i 1959, og var 3 678 kg i 1961. Desse tala ligg høgre enn medels avdrått for alle kyr, av di det mest er høgtydande buskapar med i kontrollen. Relativt har avdråtten auka om lag som for alle kyr. Dei siste 10 åra var auken vel 25 prosent.

Tabell VII syner og samansettjinga av føret.

### Kjøtkontrollen.

Det har vori offentleg veterinær kontroll av slakt i landet i medhald av lov av 1892, lov av 1940 og den nogjeldande lov av 12. april 1957, som vart sett i kraft frå 1. september 1959. Ein har såleis statistikk over kontrollerte slakt frå 1900. Kontrollen har auka i omfang etter kvart. Talet på kommunar med offentleg kjøtkontroll var 27 (byar) i 1900, men 127 (byar og herad) i 1961.

Det vart i 1961 kontrollert 107 071 tonn slakt ved fyrstegongskontroll. Av dette var 43 793 tonn svineslakt og 58 310 tonn slakt av storfe, kalv, sau, geit og hest. Kontrollen galdt elles 1 392 tonn kjøt av fjørfe, 1 105 tonn kjøt av rein, 2 380 tonn kjøt av kval og 91 tonn kjøt av andre dyr.

I 1960 vart det kontrollert 96 917 tonn. Av dette var 41 119 tonn svineslakt og 51 287 tonn slakt av større husdyr elles.

Tabell 25 gjev eit oversyn over kjøtkontrollen frå 1955 til 1961 for dei viktigaste husdyra. Tabell 26 syner tala månadsvis for 1960 og 1961. Tabell 27 syner tal, vekt og medels slaktevekt for fyrstegongskontrollerte slakt i dei einskilde landsluter.

Tabell 25. Den offentlege kjøtkontroll (fyrstegongskontroll).

	Hest	Storfe	Kalv	Sau	Geit	Svin	I alt
Talet på slakt							
1955.....	7 698	269 046	210 565	460 662	23 516	452 378	.
1956.....	8 378	225 362	193 718	408 579	17 709	507 473	.
1957.....	8 460	218 158	186 677	411 592	21 404	484 161	.
1958.....	7 369	240 878	183 985	433 832	19 793	445 957	.
1959.....	8 129	243 006	169 861	411 308	17 085	480 668	.
1960.....	8 062	241 862	157 151	404 557	20 173	584 946	.
1961.....	8 512	290 043	161 340	430 820	20 097	620 620	.
Vekt i tonn							
1960.....	2 207	38 147	3 518	7 249	166	41 119	92 406
1961.....	2 339	44 344	4 012	7 442	173	43 793	102 103

Tabell 26. Den offentlige kjøtkontroll (førstegongskontroll).

Tabell 27. Den offentlege kjøtkontroll (fyrstegongskontroll).  
Landsluter.

	Hest	Storfe	Kalv	Sau	Geit	Svin
Tal						
Austlandet .....	3 760	84 708	59 400	97 405	9 081	333 209
Agder .....	242	7 923	9 158	10 968	19	15 796
Vestlandet .....	1 777	97 153	58 670	231 988	6 432	213 602
Trøndelag .....	1 576	57 854	16 972	53 199	3 456	53 785
Nord-Noreg .....	1 157	42 405	17 140	37 260	1 109	4 228
I alt 1961 .....	8 512	290 043	161 340	430 820	20 097	620 620
-< 1960 .....	8 062	241 862	157 151	404 557	20 173	584 946
Vekt i tonn						
Austlandet .....	1 081	15 418	1 739	1 732	61	23 835
Agder .....	61	1 158	231	195	1	1 090
Vestlandet .....	431	13 637	1 260	3 774	72	14 533
Trøndelag .....	447	8 811	443	1 001	23	4 014
Nord-Noreg .....	319	5 320	339	740	16	321
I alt 1961 .....	2 339	44 344	4 012	7 442	173	43 793
-< 1960 .....	2 207	38 148	3 518	7 249	166	41 119
Medels slaktevekt i kg						
Austlandet .....	287,6	182,0	29,3	17,8	6,8	71,5
Agder .....	252,1	146,2	25,2	17,8	..	69,0
Vestlandet .....	242,4	140,4	21,5	16,3	11,2	68,0
Trøndelag .....	283,8	152,3	26,1	18,8	6,7	74,6
Nord-Noreg .....	275,7	125,5	19,8	19,9	13,9	76,1
I alt 1961 .....	274,8	152,9	24,9	17,3	8,6	70,6
-< 1960 .....	273,8	157,7	22,4	17,9	8,2	70,3

#### Paringsstatistikken for svin.

Fra og med 1936 har Byrået gjennom jordstyra innhenta oppgåver over talet på purker som er para. Oppgåvene kan i nokon mon syna brigda i fleskeproduksjonen året etter. I 1956 vart inseminasjon teken i bruk i svinealet. Talet på inseminasjoner var 8 500 i 1957, og i 1961 var talet knapt 7 000.

Tabell 28 syner talet på paringar i høve til same månad året før.

Tabell 28. Svinehaldet. Talet på paringar i dei einskilde månader i høve til same månad året før.

	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.	Året
1955....	121	131	115	110	106	118	126	109	94	87	92	95	106
1956....	113	106	103	95	92	93	84	88	87	83	89	104	93
1957....	113	110	101	97	110	118	120	111	109	103	101	109	108
1958....	93	91	96	97	95	96	97	100	110	111	112	103	100
1959....	102	117	116	122	117	115	120	127	129	126	114	104	115
1960....	110	114	123	100	101	99	111	112	113	104	101	101	106
1961....	109	108	107	103	102	107	110	108	106	103	95	95	104

Ein må vera merksam på dei store sesongvariasjonane i talet på paringar. Talet er størst i desember, dernest i november og januar og i mai—juni. Til vanleg er det låge tal i februar—april, og særleg i juli—oktober. Oppgåvene for 1961 byggjer på meldingar om ca. 87 600 paringar, eller 3,8 prosent meir enn tilsvarende oppgåver for 1960.

### Pelsskinn.

Eit oversyn over produksjonen av pelsskinn er gjevi i tabell 29, etter oppgåver frå Norsk Pelsdyravslag. I samsvar med dyretalet har produksjonen av sølvrevskinn gått mykje ned, medan produksjon av minkskinn har auka. Det meste av produksjonen blir utført, og tabell 30 syner utførsla dei siste åra.

Tabell 29. Talet på skinn frå pelsdyrgardane.

	Sølvrev	Blårev	Platinarev	Mink
1949—50.....	80 000	71 000	7 500	58 000
1955—56.....	18 000	62 000	800	350 000
1956—57.....	8 000	42 000	450	515 000
1957—58.....	3 500	27 000	300	515 000
1958—59.....	2 400	33 000	..	590 000
1959—60.....	1 600	60 000	..	640 000
1960—61.....	1 900	94 000	..	860 000
1961—62.....	2 100	124 000	..	1 000 000

Tabell 30. Utførsle av ureidde pelsskinn.

	Sølvrev		Blårev		Platinarev		Mink	
	Talet på skinn	Verde i 1000 kr.						
1949—50....	109 357	12 857	93 416	8 084	9 175	1 318	63 856	4 906
1955—56....	12 873	1 065	53 677	4 601	676	81	330 427	38 702
1956—57....	11 771	830	64 626	5 077	396	41	501 972	45 907
1957—58....	9 065	570	30 574	3 721	338	28	526 751	55 978
1958—59....	4 245	318	30 561	6 113	392	26	563 223	67 237
1959—60....	1 419	119	51 336	10 320	371	21	627 717	81 021
1960—61....	1 892	111	88 583	11 716	132	17	849 775	79 783
1961—62....	1 736	92	102 260	11 567	105	7	931 052	100 905

## Driftsmiddel

### *Maskinar og reiskapar.*

Oppgåver over maskinar og reiskapar har ein til vanleg berre ved dei fullstendige jordbrukssteljingane. Ein viser difor til «Jordbrukssteljinga i Noreg 20. juni 1959, andre hefte». Tabell 31 gjev eit oversyn over talet på nokre av dei viktigaste maskinar og reiskapar.

Tabell 31. Talet på maskinar og reiskapar.

	1939	1949 <sup>1</sup>	1959 <sup>2</sup>	
			For hest	For traktor
Gjødselspreiarar				
for kunstgjødsel .....	6 470	9 701	19 016	10 087
for fast naturgjødsel .....	4 482	4 998	6 142	4 013
Radsåmaskinar for korn .....	30 847	36 518	33 380	5 971
Potetsettemaskinar .....	..	1 353	1 171	7 878
Plantemaskinar .....	..	..	129	621
Radreinskinsutstyr .....	..	..	34 386	10 367
Slåmaskinar { for hest .....	98 881	111 292	85 705	—
for traktor .....	—	1 768	—	31 152
Sjølvbindarar .....	7 861	11 180	6 691	7 703
Potetopptakarar .....	17 429	27 610	30 033	11 348
Sleperiver .....	30 274	51 515	70 449	
Rakeriver .....	51 907	52 174	47 517	
Høyvendarar .....	11 839	11 691	..	
Sideavleggjande river .....	..	..	999	
Transportriver .....	..	..	24 099	
Skurdtreskjarar .....	..	..	4 678	
Treskjeverk, sjølvreinskande .....	14 086	21 175	}	24 535
» andre .....	24 884	15 924		
Transportvifter .....	..	..	8 640	
Jordbruksvinsjar .....	..	..	2 652	
Mjølkernaskinanlegg .....	1 166	6 357	39 924	
Separatorar .....	124 643	136 853	..	
Forbrenningsmotorar .....	6 605	5 862	5 321	
Beltetraktorar .....	..	197	321	
4-hjuls traktorar .....	..	9 309	44 962	
2-hjuls traktorar .....	..	224	10 503	
Traktorar i alt .....	2 831	9 730	55 786	
Elektromotorar 3 Hk el. mindre .....	25 790	22 257	55 427	
» over 3 Hk .....	..	29 726	52 361	
Lastebilar .....	3 232	5 154	10 464	

<sup>1</sup> Bygdene, med Aker og Jeløy. <sup>2</sup> Bygder og byar.

Ved jordbrukssteljinga i 1959 var det i alt 55 800 traktorar i jordbrukssteljinga. Av desse var det 10 500 2-hjuls traktorar. For 1961 er talet utrekna til om lag 69 000 i alt, og av desse var 15 000 2-hjuls traktorar. Talet på skurdtreskjarar auka frå 4 700 ved teljinga i 1959 til bortimot 6 000 hausten 1961.

Mykje av maskinutstyret i jordbrukssteljinga er innført frå utlandet, men mykje kjem og frå norsk industri, som dessutan har utførsle av sume av desse produkta. Verdet av slik utførsle var 18 mill. kroner i 1961.

Tabell 32 og 33 syner norsk produksjon og innførsla dei siste åra.

Tabell 32. Innanlandsk produksjon av maskinar og reiskapar til landbruket. Stk.

	1955	1956	1957	1958	1959	1960 <sup>1</sup>
Vanlege plogar for hest .....	459	635	600	339	305	178
Vanlege plogar for traktor .....	5 762	5 612	4 861	4 838	7 074	8 763
Harver for hest .....	1 988	1 008	1 137	689	1077	641
Traktorharver .....	4 353	4 201	4 183	3 972	3 949	3 426
Hestehakker .....	634	396	350	273	192	115
Radreinskarar for hest .....	559	395	319	212	180	155
Radreinskarar for traktor .....	477	473	1 046	1 161	1 109	1 098
Naturgjødselspreiarar .....	665	835	824	755	685	838
Kunstgjødselspreiarar .....	1 218	1 273	1 025	806	625	907
Sleperiver .....	2 334	1 321	1 049	1 048	877	723
Potetopptakarar for hest .....	550	525	271	337	169	83
Potetopptakarar for traktor .....	896	939	1 060	904	1 072	1 438
Potetplogar for hest .....	630	216	262	241	298	166
Potetsorterarar .....	464	452	252	242	249	317
Hakkemaskinar .....	93	28	161	95	95	98
Treskjeverk .....	185	165	109	77	58	44
Rotrasparar og rotstkjeremaskinar .....	1 122	896	955	719	1 179	1 406

<sup>1</sup> Reviderte tal.

Tabell 33. Innførsle av landbruksmaskinar. Stk.

	1955	1956	1957	1958	1959	1960	1961
Traktorar .....	16 562	15 730	17 532	17 279	29 153	210 187	11 005
Av desse: med 2 hjul ..	1 008	1 300	2 003	2 674	2 949	2 954	3 544
» 3-4 hjul	5 521	4 400	5 484	4 561	5 815	6 884	6 729
» belte...	33	30	45	44	389	349	370
Gjødselspreiarar .....	434	337	627	659	667	1 835	1 666
Såmaskinar for hest og traktor .....	684	480	746	472	332	534	126
Slåmaskinar for hest ..	472	273	177	88	8	8	23
Slåtteutstyr for traktor	4 148	3 438	4 665	3 874	5 173	6 843	6 054
Sjølvbindarar .....	123	245	224	232	137	167	114
Skurdtreskjarar .....	728	473	800	592	519	771	847
Potetopptakarar .....	268	254	235	175	221	329	357
Treskjeverk .....	32	17	22	13	8	20	4
Motordrivne fruktterspreyter ...	126	448	327	820	924	679	699
Mjølkemaskinar .....	2 162	2 115	1 380	487	2 779	2 773	3 294
Separatorar .....	303	246	270	256	306	182	149

<sup>1</sup> Traktorar for jord- og skogbruk. <sup>2</sup> Traktorar i alt.

*Kunstgjødsel og kraftfør.*

Gjennom oppgåver over omsetnad og lager har ein godt kjennskap til forbruket av kunstgjødsel i landet for ei årrekke. Tabell 34 syner forbruket rekna i tonn grunnstoff (N, P og K).

Tabell 34. Forbruk av kunstgjødsel rekna i tonn grunnstoff.

	Nitrogen (N)	Fosfor (P)	Kalium (K)
1949.....	25 216	14 108	35 056
1955.....	35 242	15 832	38 757
1956.....	37 936	16 047	41 091
1957.....	43 508	17 910	44 440
1958.....	42 839	17 637	41 572
1959.....	46 654	18 754	43 550
1960.....	48 451	19 410	45 794
1961.....	47 715	19 477	44 042

Samanlikna med året før gjekk gjødselforbruket ned med 2 421 tonn grunnstoff. Den største nedgangen fell på kalium med 3,8 prosent. Forbruket av nitrogen gjekk ned med 1,5 prosent, medan det var ein liten auke i forbruket av fosfor.

Dei siste åra er fleirsidige kunstgjødselslag med høgt innhald av næringsemne nytta meir enn før.

Tabell 35 syner innførsla av kraftfør.

Tabell 35. Innførsle av kraftfør.<sup>1</sup> Tonn.

	Mais	Kli	Protein-kraftfør (oljemjøl o.l.)	Andre kraftføremne	Til saman
1949.....	135 111	2 914	30 546	21 742	190 313
1955.....	89 194	361	82 389	80 029	251 973
1956.....	58 595	222	99 421	121 809	280 047
1957.....	44 022	475	49 627	44 260	138 384
1958.....	48 251	408	98 652	86 248	233 559
1959.....	76 491	679	105 728	104 372	287 270
1960.....	55 245	2 549	92 176	108 515	258 485
1961.....	81 737	492	98 072	61 463	241 764

<sup>1</sup> Heil kveite, rug, bygg og havre til fôr ikkje rekna med.

Innførsla gjekk noko ned siste året, frå 258 500 tonn i 1960 til 241 800 tonn i 1961. I tillegg til dette vart det innført 28 500 tonn fôrkveite og 500 tonn anna fôrkorn i 1961. Omsetnaden av norskprodusert kraftfør auka frå 385 000 tonn i 1960 til 463 000 tonn i 1961. Av dette var 67 000 tonn kli og 77 800 tonn protein-kraftfør produsert av innførte råemne. Av norsk kraftfør vart det elles omsett 36 300 tonn sildmjøl og 277 000 tonn norskavla fôrkorn.

Tabellane 36 og 37 gjev eit oversyn over kraftfôromsetnaden etter oppgåver fra Statens Kornforretning. Omsetnaden var i 1960—61 666 000 tonn mot vel 700 000 tonn i 1959—60. Av omsetnaden frå grossist i 1961 var 269 000 tonn mot tilvising på prisrabatt og 451 000 tonn til full pris (med kraftfôrvavgift), når direkte omsetnad frå bygdemøller og havregrynsmøller er rekna med.

Tabell 36. Kraftfôromsetnaden til grossist. Tonn.

	Kolhydratkraftfôr		Proteinkraftfôr		Til saman
	I alt	Av dette heil kveite, rug, bygg og havre til fôr	I alt	Av dette sildmjøl	
1949—50.....	328 704	73 796	197 560	79 108	526 264
1955—56.....	472 648	153 212	235 023	49 316	707 671
1956—57.....	350 539	198 143	168 692	51 726	519 231
1957—58.....	396 737	224 939	173 438	42 234	570 175
1958—59.....	419 522	212 721	208 268	31 764	627 790
1959—60.....	504 311	239 912	197 036	36 408	701 347
1960—61.....	460 683	243 145	205 113	37 749	665 796

Tabell 37. Kraftfôromsetnaden i dei einskilde månader i 1960 og 1961. Tonn.

	Omsetnad til grossist					Omsetnad frå grossist	
	Proteinkraftfôr		Kolhydratkraftfôr <sup>2</sup>		I alt		
	Innfört	Norsk <sup>1</sup>	Innfört	Norsk <sup>1</sup>			
1960							
Januar .....	4 437	11 856	12 760	18 045	47 098	61 228	
Februar.....	5 986	9 531	42 588	15 444	73 549	62 543	
Mars .....	20 831	9 665	39 686	15 863	86 045	71 696	
April .....	13 012	9 722	46 568	12 580	81 882	73 530	
Mai .....	12 218	7 671	27 744	13 292	60 925	59 108	
Juni .....	5 386	7 660	10 872	16 124	40 042	42 926	
Juli .....	7 141	4 031	6 074	9 197	26 443	42 565	
August .....	2 019	6 405	7 316	14 742	30 482	46 359	
September .....	5 927	7 844	8 371	51 662	73 804	47 129	
Oktober .....	2 613	7 903	5 463	58 540	74 519	55 676	
November.....	9 601	10 598	18 250	32 243	70 692	60 224	
Desember .....	2 996	11 983	11 523	22 876	49 378	54 783	
Året .....	92 167	104 869	237 215	280 608	714 859	<sup>3</sup> 677 767	
1961							
Januar .....	9 157	11 911	30 156	20 506	71 730	60 197	
Februar.....	14 285	10 894	23 306	12 689	61 174	59 829	
Mars .....	11 969	10 507	19 078	14 987	56 541	67 677	
April .....	16 272	10 946	10 553	22 343	60 114	73 263	
Mai .....	8 504	10 994	1 763	26 175	47 436	60 602	
Juni .....	1 944	8 669	4 889	27 982	43 484	47 809	
Juli .....	513	5 594	12 201	18 672	36 980	42 593	
August .....	13 530	6 725	7 467	21 983	49 705	51 176	
September .....	4 503	8 692	6 959	70 364	90 518	49 233	
Oktober .....	6 482	9 781	11 588	62 513	90 364	61 158	
November.....	1 733	11 159	16 508	31 648	61 048	66 721	
Desember .....	11 736	10 022	22 082	17 273	61 113	54 624	
Året .....	100 628	115 894	166 550	347 135	730 207	<sup>3</sup> 694 882	

<sup>1</sup> Gjeld og norsk produksjon av innførte råemne. <sup>2</sup> Heil kveite, rug, havre og bygg til fôr er rekna med. <sup>3</sup> Til dette kjem ca. 25 000 tonn direkte frå bygdemøller og havregrynmøller.

## Prisar på landbruksprodukt og produksjonsmiddel m. v.

Medan prisnivået i 1959 og 1960 heldt seg stort sett konstant, var det i siste del av 1961 ei markert prisstigning innanlands. Engrosprisindeksen var 112 for 1961, mot 111 i 1960 (1952=100). Konsumprisindeksen (ny serie, 1959=100,0) var 102,9 for 1961 mot 100,3 i 1960. Prisnivået for innførte varer har endra seg lite sidan midten av 1959.

Sommaren 1961 vart det inngått ein ny jordbruksavtale for perioden 1. juli 1961 til 30. juni 1963 etter same hovudprinsipp som avtalen av 1958. Det skal framleis løvvast pengar over statsbudsjettet til prisstønad for mjølk og mjølkeprodukt og til stønad av korndyrkinga etter same retningslinjer som før. Som tidlegare skal det og gjevast statstilskot til potettrygd og til eit fond for driftsbygningar i jordbruket. Kraftfôrordninga og innførseleregulering skal haldast oppe som støtte for avsetningstiltak og marknadsregulering. Avtalen inneholder føresegner om auke av prisane på ei rekke varer, svarande til ein auke i arbeidsinntektene i jordbruket med 111—115 mill. kroner i fyrste avtaleår. Hovudavtalen for jordbruket er og forlengja til 30. juni 1963, men utan føresegner om justeringar i avtaleperioden, då prisavtales av 1961 også inneholder føresegner om visse prisjusteringar for 2. avtaleår, svarande til 25—30 mill. kroner.

Tabell 38. Prisindeks for jordbruket — frå Norges Landbrukshøgskole. Årsindeks. 1952 = 100.

	1955	1956	1957	1958	1959	1960	1961
I. Jordbruksprodukt i alt .....	109	111	114	117	122	119	124
A. Planteprodukt .....	118	105	104	102	107	101	110
1. Korn .....	105	105	105	105	105	105	111
2. Poteter .....	126	108	100	121	122	108	108
3. Hagebruksprodukt .....	123	105	105	95	101	95	112
4. Stråfôr .....	87	91	85	81	95	93	77
B. Husdyrprodukt .....	107	113	117	120	125	123	127
1. Mjølk .....	106	120	122	124	130	127	132
2. Kjøt .....	115	114	121	124	129	127	132
3. Flesk .....	100	96	105	109	113	109	109
4. Ull .....	118	118	129	132	128	138	160
5. Egg .....	93	92	94	104	102	101	101
II. Produksjonsmiddel og produksjonsstenester .....	105	115	122	124	127	129	131
A. Uvarige produksjonsmiddel .....	104	118	127	129	131	132	133
1. Kunstgjødsel og kalk .....	103	107	107	108	109	107	109
2. Innkjøpt fôr .....	101	125	137	140	145	147	145
a. Kraftfôr .....	101	124	140	142	147	149	147
b. Skumamjolk .....	108	123	112	127	127	117	121
3. Såvarer .....	120	126	131	123	124	128	130
4. Traktorbrensel .....	100	97	109	103	101	99	99
5. Ymse .....	111	119	128	125	125	126	128
6. Produksjonstenester .....	105	108	112	119	119	122	126
B. Varige produksjonsmiddel ....	107	110	114	117	121	125	130
1. Bygningar .....	108	111	116	120	124	129	136
2. Maskinar og reiskapar <sup>1</sup> .....	105	108	110	112	113	116	117
3. Grøftemateriale .....	111	115	117	122	129	129	129
III. Arbeidsløn .....	118	127	135	142	147	155	169

<sup>1</sup> Reviderte tal.

Prisindeksen for jordbruksvarer — i tabell 38 — syner prisendringane for norske jordbruksvarer dei siste åra. Ein nyttar vegne medeltal av prisar frå ymse distrikt i heile landet. Dei einskilde produkt er gjevne vekt etter verdesummane i totalrekneskapen for jordbruksvarer.

Tabell 39 syner indeksen månadsvis for hovudgruppene.

Tabell 39. Prisindeks for jordbruksvarer — frå Norges Landbruksinstitutt. Månadsindeks. 1952 = 100.

	Jordbruksprodukt i alt			Plante-produkt			Husdyr-produkt			Produksjonsmiddel og produksjons-tjenester		
	1959	1960	1961	1959	1960	1961	1959	1960	1961	1959	1960	1961
Januar .....	124	124	123	106	108	103	128	127	128	127	128	129
Februar .....	124	123	122	108	111	105	128	126	126	127	128	129
Mars .....	123	121	121	109	113	106	126	123	125	127	129	130
April .....	121	119	118	112	115	107	123	120	121	127	128	130
Mai .....	119	117	118	112	117	108	120	117	120	128	128	129
Juni .....	118	117	118	111	116	111	120	117	120	128	128	129
Juli .....	123	118	123	122	119	119	123	118	124	126	127	129
August .....	124	118	124	108	99	100	127	123	130	125	126	129
September .....	123	122	129	99	96	96	129	128	137	125	128	129
Oktober .....	123	121	132	99	89	105	129	129	139	126	128	130
November .....	124	123	131	102	95	107	129	130	137	126	128	130
Desember .....	125	124	131	104	99	114	130	130	136	126	127	130

Grunnprisane for korn vart for avlingsåret 1961 auka med 10 øre pr. kg for kveite og rug og med 3 øre pr. kg for bygg og havre. Korntrygdas sats for grunntrygd vart auka med 6 øre pr. kg, men tilleggstrygda vart ikkje endra. Kornprisar og grunntrygd vil etter jordbruksavtalen verta auka ytterlegare med 2 øre pr. kg frå hausten 1962.

Tabell 40 gjev eit oversyn over korn- og potettrygda dei siste åra, og tabell 41 syner kjøp og leigemaling av norsk korn og staten sine utgifter til norsk korn.

Tabell 40. Korn- og potettrygda.

Rekneskapsår	Bruk med trygd	Trygd 1 000 kroner			Prosenttal	
		Korntrygd	Potettrygd	Til saman	Korntrygd	Potettrygd
1955—56.....	117 363	23 684	9 871	33 555	70,6	29,4
1956—57.....	113 752	17 405	19 575	36 980	47,1	52,9
1957—58.....	110 605	16 994	15 131	32 125	52,9	47,1
1958—59.....	105 743	18 625	16 175	34 800	53,5	46,5
1959—60.....	105 762	18 498	14 373	32 871	56,3	43,7

Tabell 41. Kjøp og leigemaling av norsk korn. Tonn.

	Kjøp av norsk korn	Leigemaling
1955—56.....	121 112	159 128
1956—57.....	257 544	172 787
1957—58.....	199 223	162 368
1958—59.....	205 421	159 636
1959—60.....	184 466	153 457
1960—61.....	297 643	179 425

Tabell 42 syner prisar til produsent for sume jordbruksvarer ved levering på hovudmarknad.

Tabell 42. Prisar til produsent.

	Høy <sup>1</sup>			Poteter <sup>2</sup>			Egg <sup>3</sup>		
	Kr. pr. 100 kg			Kr. pr. 100 kg			Kr. pr. kg		
	1959	1960	1961	1959	1960	1961	1959	1960	1961
Januar .....	23,00	27,00	20,00	29,00	32,00	26,00	4,17	3,63	3,57
Februar .....	26,00	28,00	20,00	30,00	33,00	29,00	4,13	3,78	4,02
Mars .....	27,00	28,00	20,00	30,00	35,00	30,00	4,67	4,57	4,43
April .....	26,00	27,00	20,00	30,00	35,00	30,00	4,70	4,87	4,65
Mai .....	23,00	26,00	20,00	30,00	36,00	31,00	4,80	5,03	4,77
Juni .....	23,00	26,00	20,00	31,00	38,00	33,00	4,85	5,22	4,63
Juli .....	23,00	23,00	..	66,00	44,00	53,00	5,48	5,20	4,94
August .....	26,00	..	..	37,00	20,00	28,00	5,55	5,17	5,53
September .....	24,00	20,00	20,00	30,00	19,00	22,00	4,97	5,10	5,58
Oktober .....	23,00	20,00	20,00	29,00	20,00	21,00	5,00	5,10	5,57
November .....	24,00	20,00	20,00	31,00	22,00	22,00	4,17	4,53	4,54
Desember .....	25,00	20,00	20,00	32,00	24,00	25,00	4,03	4,20	4,17
Året .....	24,42	24,10	20,00	33,75	30,00	29,00	4,71	4,70	4,70
	Okseskjøt <sup>4</sup>			Saueskjøt <sup>4</sup>			Flesk <sup>4</sup>		
	Kr. pr. kg			Kr. pr. kg			Kr. pr. kg		
	1959	1960	1961	1959	1960	1961	1959	1960	1961
Januar .....	6,10	6,48	6,60	6,62	6,40	6,47	5,50	5,65	5,64
Februar .....	6,10	6,50	6,21	6,70	6,40	6,50	5,50	5,34	5,34
Mars .....	6,15	6,46	6,51	6,70	6,40	6,50	5,50	5,20	5,30
April .....	6,20	6,40	6,36	6,70	6,40	6,50	5,43	5,20	5,30
Mai .....	6,20	6,31	6,25	6,70	6,40	6,50	5,30	5,20	5,40
Juni .....	6,26	6,25	6,25	6,70	6,40	6,50	5,36	5,20	5,40
Juli .....	6,37	6,32	6,40	6,70	6,40	6,50	5,50	5,20	5,40
August .....	6,35	6,51	6,55	6,69	6,70	6,70	5,55	5,20	5,40
September .....	6,31	6,47	6,57	6,41	6,66	6,70	5,66	5,43	5,56
Oktober .....	6,26	6,40	6,65	6,22	6,22	6,70	5,70	5,69	5,80
November .....	6,45	6,40	6,65	6,40	6,24	6,77	5,84	5,91	5,78
Desember .....	6,45	6,43	6,65	6,40	6,40	6,90	6,02	5,90	5,46
Året .....	6,27	6,41	6,47	6,58	6,42	6,60	5,57	5,43	5,48

<sup>1</sup> Pressa høy, Trondheim, fritt opplesst jarnbane. <sup>2</sup> Vanlege kvite matpoteter fritt leverte grossist, Oslo, ekskl. emballasje. <sup>3</sup> Netto avrekningspris til produsent, Austlandet.

<sup>4</sup> Brutto avrekningspris til produsent for slakt i heile skrottar levert Oslo, klasse I, etter notering frå Norges Kjøtt- og Fleskesentral.

For poteter, grønsaker og frukt gjeld dei same normalprisar og prisgrenser i avtaleperioden 1961—63, som i førre avtaleperiode.

Potetprisane hausten 1961 var noko høgre enn året før, men likevel under normalprisane. Grønsakprisane skifta noko utover sommaren og hausten 1961, og ein skilde vareprisar kom over øvre prisgrense, men prisane var elles til dels lægre enn året før. Prisane på norsk frukt var elles monaleg høgre enn dei unormalt låge prisane året før.

Jamførte med normalprisane og øvre prisgrense etter jordbruksavtalen 1958 og 1961, var marknadspolisane desse:

Veke nr. ....	Potet	Hovudkål	Gulrot	Eple	Tomat
	42	42	42	42	37
Normalpris, øre pr. kg .....	27	28	48	208	308
Øvre prisgrense, øre pr. kg .....	30	31	54	233	345
Marknadspolis 1959, øre pr. kg .....	33	28	45	160	225
» 1960 » » .....	23	27	37	90	320
» 1961 » » .....	24	20	40	230	280

For kjøt, flesk og egg skal jordbruksorganisasjonane syta for å halda medelprisane for året, på eller under prisar som er fastsette i jordbruksavtalen. I avtaleperioden 1958—61 vart medelprisane stort sett oppnådde.

Oppstillinga nedanfor syner nokre av dei avtala medelprisane i kroner pr. kg:

	Oks kl. I	Lam kl. I	Gris kl. I	Egg kl. A
Medelpris etter avtalen.				
1958—61 Kr. pr. kg .....	6,25	6,70	5,50	5,50
1961—62 » » .....	6,45	7,10	5,55	5,70
1962—63 » » .....	6,55	7,25	5,60	5,85

Tilførslene av kjøt og flesk var rikelege i 1961, og ein del fryselagra vare vart seld til reduserte prisar.

Tabell 43. Prisar på mjølk og fløyte. Sone I, laust mål.  
Øre pr. liter.

	Heilmjølk	Skumma- mjølk	Kremfløyte (35 pet. feitt)
Frå 1. juli 1954 (til vanlege hushald)	53	27	655
» 23. april 1956 —»—	64	32	770
» 1. september 1956 —»—	56	32	770
» 11. mars 1957 —»—	58	32	780
» 3. mai 1957 —»—	58	32	790
» 11. juni 1957 —»—	58	32	615
» 1. april 1958 —»—	68	32	790
» 1. september 1958 —»—	87	38	790
» 1. mars 1959 —»—	69	38	775
» 2. mai 1960 —»—	64	38	775
» 27. mars 1961 —»—	66	39	775
» 1. september 1961 —»—	74	44	800

Det vart innført 1 166 tonn egg i 1961 mot 158 tonn i 1960, og det vart utført 722 tonn mot 1 580 tonn i 1960.

Etter jordbruksavtalen vart prisane på mjølk, fløyte og ost auka frå 1. september 1961. Utsalsprisane vart auka med 8 øre pr. liter heilmjølk og 25 øre pr. liter kremfløyte. Osteprisane vart i medel auka med 40 øre pr. kg ved sal til forhandlar, men smørprisen vart ikkje endra.

Tabell 43 og 44 syner prisane på mjølk og mjølkeprodukt.

Tabell 44. Prisar på smør og ost, frå meieri til detaljist.  
Kr. pr. kg.

	Smør	Heilfeit gauðaost	Halvfeit nøkkelost	Blanda geitmystsost	Mager mystsost
Fra 1. juli 1954 .....	7,05	5,20	4,45	5,00	2,65
» 23. april 1956 .....	8,05	6,35	5,60	6,20	3,80
» 5. juni 1957 .....	8,05	5,00	4,25	4,85	2,45
» 12. juli 1957 .....	6,92	5,00	4,25	4,85	2,45
» 1. april 1958 .....	8,05	5,00	4,25	4,85	2,45
» 1. september 1958 .....	8,05	6,85	6,10	6,70	4,30
» 1. mars 1959 .....	8,05	5,86	5,11	5,71	3,31
» 1. september 1961 .....	8,05	6,29	5,95	6,16	..

Det var utførsle av meieriprodukt også i 1961. I alt vart det utført 5 425 tonn smør og 9 502 tonn ost, mot 6 754 og 10 366 tonn i 1960.

Det meste av tilskota frå staten til mjølkeproduksjonen vert gjevi som eit grunntilskot som er med i grunnprisen frå mjølkesentralane. Grunntilskotet var i 1961 framleis 12,7 øre pr. liter kumjølk i medel for året, med sesongvariasjon frå 9 øre i mai—juni til 16 øre i september—januar. For geitmjølk var tilskotet 2 øre høgre pr. liter. I tillegg til grunntilskotet kjem særtilskot til sume distrikt og driftstilskot til dei einskilde bruk.

Dei prisane som meieria kan betala til leverandørane, vil og retta seg etter driftskostnadene ved meieria. Tabell 45 gjev eit oversyn over det økonomiske resultatet for meieridrifta etter meieristatistikken.

Tabell 45. Bruttovinning og nettovinning av meierimjølka.<sup>1</sup>  
Øre pr. kg.

År	Brutto-vinning	Drifts-utgifter	Netto-vinning	Til leverandørane		
				Utbetal	Andre utreisler	Rest <sup>2</sup>
1954.....	69,66	10,86	58,80	55,78	1,80	1,22
1955.....	75,06	11,95	63,11	60,20	1,94	0,97
1956.....	83,91	12,39	71,52	68,35	2,02	1,15
1957.....	84,92	13,05	71,87	68,92	2,06	0,89
1958.....	87,44	14,19	73,25	70,08	2,29	0,88
1959.....	91,12	14,23	76,89	73,20	2,65	1,04
1960.....	90,48	14,11	76,37	72,70	2,67	1,00

<sup>1</sup> Kondenseringsfabrikkane ikkje med. <sup>2</sup> Til andre føremål og overføringer mellom driftsåra.

Prisane på norsk ull vart sette noko ned i 1958, men auka att i 1959, 1960 og våren 1961. Tabell 46 syner prisane dei siste åra. Det vart utført 809 tonn uvaska ull i 1961, mot 759 tonn i 1960.

Tabell 46. Prisnoteringar for norsk ull. Kr. pr. kg.

	Sams heilårs- og haustull	Klasse A I	Klasse A Ekstra
11. oktober 1954 .....	7,35	9,75	10,50
1. april 1957 .....	8,10	10,80	11,30
30. september 1957 .....	7,50	11,10	11,60
6. oktober 1958 .....	6,00	10,50	11,00
5. oktober 1959 .....	6,00	11,35	11,85
20. september 1960 .....	6,50	12,50	12,90
20. mars 1961 .....	7,50	13,60	14,30

Prisane på pelsskinn var lægre i sesongen 1960—61 enn året før. På desemberauksjonen 1961 i Oslo vart det lagt fram 230 000 minkskinn til sal. Prisane var stigande, og storparten av skinna vart selde. Det var særleg stor spurnad etter mørk mink, og prisane for skinn av denne gruppa var høgare enn ved desemberauksjonen 1960.

Ved auksjonane i januar og mars var det framleis sterke interesse for kjøp, og prisnivået har stort sett vori konstant.

Tabell 47 gjev eit oversyn over medelprisane. Utførla av pelsskinn er nemnd før, sjå tabell 30. Det har og vori utførsle av alsdyr, til eit verdi av 5,4 mill. kr. i 1960 og 3,7 mill. kr. i 1961.

Tabell 47. Medelprisar for pelsskinn ved Oslo-auksjonane.  
Kr. pr. skinn.

	Sølv- rev	Pla- ti- na- rev	Blå- rev	Mink (I-II)					
				Mørk mink		Pastell		Silverblue	
				Han- nar	Tis- per	Han- nar	Tis- per	Han- nar	Tis- per
Medel 1955—56 .....	86	126	81	126	76	191	119	173	108
» 1956—57 .....	73	113	81	107	55	143	72	158	88
» 1957—58 .....	63	99	129	147	85	153	81	123	78
» 1958—59 .....	70	64	210	181	108	174	95	114	72
» 1959—60 .....	86	110	206	171	102	184	102	141	81
» 1960—61 .....	55	124	118	123	60	130	63	144	81
» 1961—62 .....	47	74	113	158	85	129	73	141	89
Desember 1960 .....	97	109	132	143	77	143	75	158	87
Januar 1961 .....	..	..	..	122	60	127	60	135	78
Mars 1961 .....	50	129	104	116	55	113	53	129	68
Desember 1961 .....	58	67	119	170	82	130	73	146	90
Januar 1962 .....	..	..	..	162	84	125	69	136	89
Mars 1962 .....	42	77	115	156	89	134	75	133	88

For produksjonsmiddel i jordbruksmålet var det for det meste små prisendringar i 1961. I prisindeksen for jordbruksmålet gjekk indekstalet for denne gruppa opp frå 129 i 1960 til 131 i 1961 (1952=100). Det var særleg byggekostnader som auka. Tabellane 48 og 49 syner prisane på ymse slag kunstgjødsel, kraftfør og reiskapar.

Tabell 48. Prisar på kunstgjødsel og kraftfôr.  
Kr. pr. 100 kg.

	Kunstgjødsel <sup>1</sup>			Kraftfôr <sup>2</sup>			
	Kalk-salpeter 15,5 pet. N	Super-fosfat Norsk 7,4–7,9 pet. P	Kalium-gjødsel 31,5–34,9 pet. K	Fôr-blanding (ca. 50 pct. protein)	Maisgrøp	Ruggris	Sildmjøl (saltfattig)
1955	16,90	12,10	20,70	67,50	55,80	36,90	77,20
1956	17,90	13,70	23,10	86,83	71,07	51,50	99,80
1957	18,50	14,60	24,50	94,17	78,91	58,80	111,00
1958	18,60	14,60	24,50	93,00	79,66	59,22	112,70
1959	20,10	13,20	<sup>3</sup> 28,80	<sup>4</sup> 92,25	79,03	59,63	117,10
1960	20,10	12,30	<sup>3</sup> 27,70	<sup>4</sup> 92,00	76,90	60,55	117,30
1961	20,10	12,30	<sup>3</sup> 27,70	<sup>4</sup> 92,75	76,15	60,30	109,15

<sup>1</sup> Vårtermin. <sup>2</sup> Medel for året. <sup>3</sup> 39—43 pct. <sup>4</sup> 40 pct.]

Tabell 49. Prisar på maskinar og reiskapar. Kr. pr. stk.

	Plog for traktor $2 \times 10''$	Rad-såmaskin 13 l.	Slåmaskin for traktor	Arbeids-kjerre	Høyvogn
				med gummihjul	
1955.....	1 141	1 360	1 325	920	1 300
1956.....	1 255	1 496	1 325	920	1 300
1957.....	1 255	1 630	1 425	920	1 333
1958.....	1 255	1 744	1 520	920	..
1959.....	1 255	1 694	1 520	920	..
1960.....	1 255	1 694	1 520	920	..
1961.....	1 255	1 694	1 520	920	..

Eit oversyn over driftsresultata i jordbrukskapane som Norges Landbruksøkonomiske Institutt arbeider med, er gjevi i tabell 50. I 1960 var produksjonsinntektene kr. 354,82 og kostnadene (utanom arbeid og renter) kr. 200,25, rekna pr. dekar. Lønsevna — samla arbeidsforteneste for familien og leiehjelpa — var kr. 126,81 pr. dekar eller kr. 2,95 rekna pr. time. Som renta for jordbrukskapitalen er då rekna kr. 27,76 pr. dekar.

Tabell 50. Rekneskapsresultat i jordbruksresultat.

År, distrikt og storleiksklassar	Talet på bruks-	Inn- marks- areal Dekar pr. bruks-	Kroner pr. dekar								For- rent- ning		
			Jord- bruks- kapital	Pro- duk- sjons- inn- tektter	Kostnader		Over- skot	Av dette		Ar- beids- for- teneste til fam.			
					I alt utan- om arbeid og renter	Leige- hjelp		Utre- rekna	Uttre- rente- krav				
1955.....	1 016	125	612	269,70	145,54	34,35	89,81	21,42	68,39	102,74	4,03		
1956.....	1 000	128	639	316,16	152,17	38,20	125,79	22,37	103,42	141,62	16,01		
1957.....	1 001	131	658	300,65	169,03	36,99	94,63	26,32	68,31	105,30	20,33		
1958.....	1 030	129	665	305,94	175,48	36,40	94,06	26,60	67,46	103,86	23,07		
1959.....	1 015	129	681	336,77	188,19	36,32	112,26	27,24	85,02	121,34	9,08		
1960.....	1 002	129	694	354,82	200,25	36,85	117,72	27,76	89,96	126,81	12,78		
1959:													
Flatbygder <sup>1</sup> .....	395	199	629	310,13	180,24	37,65	92,24	25,16	67,08	104,73	6,09		
Skogbygder <sup>1</sup> .....	164	120	557	258,62	149,18	33,91	75,53	22,28	53,25	87,16	13,85		
Dal- og fjellbygder <sup>1</sup> .....	81	76	736	331,94	182,22	34,84	114,88	29,44	85,44	120,28	39,05		
Agder .....	58	58	756	386,13	216,70	18,33	151,10	30,24	120,86	139,19	24,32		
Jæren og Boknafj.....	27	102	849	686,49	390,90	43,91	251,68	33,96	217,72	261,63	101,02		
Fjord- og innbygder <sup>2</sup> .....	110	80	759	386,69	201,14	49,68	135,87	30,36	105,51	155,19	17,97		
Kystbygder <sup>2</sup> .....	80	61	795	432,67	229,70	34,26	168,71	31,80	136,91	171,17	24,68		
Nord-Noreg .....	100	70	776	319,39	169,67	31,50	118,22	31,04	87,18	118,68	35,44		
1960:													
Flatbygder .....	390	197	615	328,27	188,82	39,46	99,99	24,60	75,39	114,85	9,72		
Skogbygder .....	156	121	554	266,32	154,54	33,48	78,30	22,16	56,14	89,62	17,69		
Dal- og fjellbygder .....	81	75	769	346,18	189,84	32,00	124,34	30,76	93,58	125,58	39,75		
Agder .....	58	58	800	394,78	231,13	18,77	144,88	32,00	112,88	131,65	45,08		
Jæren og Boknafj.....	27	105	857	712,05	424,61	38,04	249,40	34,28	215,12	253,16	80,40		
Fjord- og innbygder .....	111	80	799	413,64	226,86	54,57	132,21	31,96	100,25	154,82	35,93		
Kystbygder .....	78	63	823	452,64	247,81	36,52	168,31	32,92	135,39	171,91	37,11		
Nord-Noreg .....	101	70	831	342,44	179,68	26,77	135,99	33,24	102,75	129,52	32,57		
1959:													
Inntil 50 dekar.....	208	42	813	421,04	232,31	26,31	162,42	32,52	129,90	156,21	49,97		
50,1—100 » .....	377	74	717	359,69	201,41	29,68	128,60	28,68	99,92	129,60	14,48		
100,1—200 » .....	246	137	628	306,39	172,68	43,54	90,17	25,12	65,05	108,59	10,19		
200,1—300 » .....	99	248	541	231,48	130,13	45,31	56,04	21,64	34,40	79,71	18,57		
300,1—500 » .....	65	380	514	240,63	135,42	54,84	50,37	20,56	29,81	84,65	28,63		
Over 500 » .....	20	599	525	235,32	129,85	71,83	33,64	21,00	12,64	84,47	21,54		
1960:													
Inntil 50 dekar.....	203	42	847	442,71	252,52	28,61	161,58	33,88	127,70	156,31	63,13		
50,1—100 » .....	375	74	739	375,72	212,29	30,55	132,88	29,56	103,32	133,87	21,75		
100,1—200 » .....	249	139	631	323,35	184,51	41,64	97,20	25,24	71,96	113,60	10,16		
200,1—300 » .....	96	248	497	247,23	132,94	47,78	66,51	19,88	46,63	94,41	27,53		
300,1—500 » .....	61	381	514	257,70	138,91	54,64	64,15	20,56	43,59	98,23	39,25		
Over 500 » .....	18	611	536	266,83	144,66	76,50	45,67	21,44	24,23	100,73	33,13		

<sup>1</sup> På Austlandet og i Trøndelag. <sup>2</sup> På Vestlandet og i Trøndelag.

Rekneskapsresultata er og utrekna pr. brukseining. Dersom ein tek med inntekt frå skogbruk og anna yrke, får ein samla arbeidsvederlag og forrentning. Frå dette går gjeldsrenter og kårytingar, og ein får att nettoinntekt for familien. Tabell 51 syner tala for dei siste åra, rekna som uvegne gjennomsnitt for dei undersøkte brukna.

Tabell 51. Nettoinntekt. Kr. pr. familie.

	1957	1958	1959	1960	1961
Arbeidsvederlag og forrentning:					
Jordbruket .....	8 976	9 006	10 707	11 830	13 601
Skog og anna .....	5 773	5 582	5 566	5 565	5 875
I alt.....	14 749	14 588	16 273	17 395	19 476
Gjeldsrenter og kåryting .....	1 437	1 514	1 621	1 661	1 834
Netto inntekt.....	13 312	13 074	14 652	15 734	17 642

I samband med tingingane om jordbruksprisane har Budsjettet nemnda for jordbruket gjort utrekningar over samla inntekter og utgifter for heile jordbruksnæringa. Prinsippa for utrekningane er dei same som dei Byrået nyttar når det set opp nasjonalrekneskapen. Totalrekneskapen skal i fyrste rekjkje syna kva verdi som er skapt i driftsåret av den arbeidskraft og kapital som er sett inn i jordbruket. Som kostnader reknar ein med verdet av varer og tenester frå andre næringssektorar og slitasje på varige driftsmiddel, som maskinar, reiskapar og driftsbygningar. Den summen som då er att, kallar ein jordbruket sitt nettoprodukt. Som tillegg til nettoproduktet reknar ein visse statstilskot. Etter frådrag av kapitalrenta kjem ein fram til vederlaget for all arbeidskraft som er sett inn i jordbruket. Hovudresultata ser ein av tabell 52.

Tala for dei siste åra er reviderte i samband med ny utrekning av husdyrprodukta, og rekneskapen er sett opp for kalenderår, mot før driftsår.

Tabell 52. Totalrekneskap for jordbruket.<sup>1</sup> Mill. kr.

	1938—39	1954—55	1960	1961 <sup>2</sup>
Inntekter av planteprodukt .....	106,0	515,0	663,2	719,8
Inntekter av husdyrprodukt .....	461,3	1 572,2	2 097,0	2 171,8
Andre inntekter .....	51,5	148,0	188,8	188,0
Lagerbrigde .....	44,5	48,6	32,3	44,5
I alt inntekter .....	663,3	2 283,8	2 981,3	3 124,1
Kostnader .....	309,7	912,3	1 505,4	1 577,8
Nettoprodukt.....	353,6	1 371,5	1 475,9	1 546,3
+ statstilskot .....	11,4	80,6	125,4	116,7
— renter av eigen og lånt kapital .....	97,4	182,4	336,0	352,7
Utrekna total arbeidsinntekt .....	267,6	1 269,7	1 265,3	1 310,3
Av inntektene:				
Sal av plante- og husdyrprodukt .....	417,9	1 648,1	2 371,8	2 490,9
Heimeforbruk av plante- og husdyrprodukt	137,9	397,2	348,1	354,7

<sup>1</sup> Pelsdyrnæringa er rekna med. <sup>2</sup> Førebels oppgåve.

Tabell 53 syner den delen av utlåna frå bankar og kreditsamskipnader som fell på næringane jordbruk og skogbruk.

Tabell 53. Kjende utlån til jord- og skogbruk. Mill. kr.

Långjevarar	1956		1957		1958		1959		1960		1961	
	30. juni	31. des.	30. juni	31. des.								
Statsbankar ...	530	541	551	584	593	613	625	648	658	690	706	740
Forretnings- og sparebankar .	990	980	996	983	1 009	1 021	1 095	1 134	1 265	1 246	1 326	1 383
Kreditsamskipnader	149	170	161	176	169	181	184	190	180	193	191	208
Offentlege fond, trygdelag o. l.	65	67	66	68	67	70	70	71	66	78	<sup>1</sup> 80	<sup>1</sup> 80
Sum .....	1 734	1 758	1 774	1 811	1 838	1 885	1 974	2 043	2 169	2 207	2 303	2 411

<sup>1</sup> Førebels oppgåve.

Gjelda til private långjevarar og varegjeld til handlarar er ikkje med i desse oppgåvene.

Auken i utlåna må ein sjå i samband med dei store investeringane i tida etter krigen. Dette gjeld både jord- og skogbruk og andre næringar. Tabell 54 gjev eit oversyn over utviklinga (reviderte tal etter nasjonalrekneskapen).

Tabell 54. Investeringar i jordbruket. Mill. kr.

	1956	1957	1958	1959	1960 <sup>1</sup>	1961 <sup>1</sup>
Bruttoinnvestering .....	614	664	724	709	719	766
Kapitalslit .....	423	458	493	501	525	544
Nettoinvestering .....	191	206	231	208	194	222
Av dette til:						
Driftsbygningar og grunnforbetringar .....	131	130	174	154	134	141
Maskinar m. v. .....	60	76	57	54	60	81

<sup>1</sup> Førebels oppgåve.

Bruttoinvesteringa gjeld også kapitalslit (vedlikehald og avskriving) som er rekna med som årlege kostnader i totalrekneskapen (tabell 52).

Ein stor del av gjelda i jord- og skogbruk er knytt til visse statsbankar og kreditsamskipnader. Tabell 55 syner samla utlån i mill. kroner frå desse institusjonar.

Tabell 55. Utlån frå Statsbankar og kreditsamskipnader.  
Mill. kr.

	1956		1957		1958		1959		1960		1961	
	30. juni	31. des.										
Hypotekbanken	453,9	454,9	459,8	461,0	461,7	464,3	466,1	467,6	470,2	471,7	474,2	475,7
Småbruk- og Bustadbanken	607,8	644,8	664,5	702,1	723,9	760,7	784,0	827,4	856,3	905,3	940,4	991,4
Arbeiderbruk- og Boligbanken	1,0	0,9	0,8	0,7	0,5	0,5	0,4	0,3	0,2	0,1	0,1	0,1
Lånekassen for jordbrukere	3,6	3,4	3,2	3,0	2,8	2,6	2,4	2,2	2,1	1,9	1,7	1,6
Driftskredit- kassen for jordbruket ..	54,5	55,8	59,0	58,5	60,2	59,6	62,5	63,1	61,4	62,8	65,0	67,0
Norges Kredit- forening for Land- og Skog- bruk.....	131,1	135,2	139,0	142,9	146,6	150,7	154,6	157,8	160,0	166,1	169,3	177,0
Norges Land- hypotekfor- eniging for 2. prioritet ..	1,9	2,0	2,0	2,1	2,3	2,8	3,1	3,7	4,3	4,8	5,2	6,0
Centralkassen for Bøndernes Driftskreditt.	15,7	32,6	19,0	29,7	19,5	25,6	24,9	27,8	14,0	20,1	16,0	22,3

Desse tala gjeld også utlån utanom jord- og skogbrukssektoren, t. d. lån til bustader utan eigentleg jordbruk.

Gjennom statsbankane gjev staten kreditt på eit rimeleg rentenivå. Utanom dette gjev staten og direkte stønad til investeringar i jordbruket med rentefritak og tilskot. Tabell 56 syner tilskota i budsjetta fra og med 1954—55.

Tabell 56. Statstilskot til bureising, jorddyrkning m. v.  
1000 kr.

	Bureising	Jord- dyrkning m. v.	Søkkings- og vass- forsyning- nings- arbeid	Vegar til jordbruks- føremål	Potet- kjellarar, gjødsel- oppsam- ling, siloar m. v.	Maskin- stasjonar
1954—55.....	6 323	22 919	6 288	1 701	1 095	2 386
1955—56.....	6 132	32 259	7 584	2 106	1 255	2 280
1956—57.....	5 220	47 331	5 781	2 700	1 397	701
1957—58.....	4 906	43 503	6 960	2 800	751	1 493
1958—59.....	4 633	46 650	3 899	3 069	3 402	618
1959—60.....	4 406	62 856	6 281	4 002	3 415	1 153

Tabell 57 gjev eit oversyn over tilskota til prisregulering for jordbruksvarer m. v.

Tabell 57. Tilskot til prisregulering. Mill. kr.

	Over statsrekneskapen <sup>1</sup>						Over Pris- direk- toratet sine fond	I alt
	Korn og mjøl	Mjølk og mjølke- produkt	Kjøt og flesk	Kraft- før	Kunst- gjødsel	Margarin m. v.	Sum	
1955	112	281	6	56	39	42	536	136
1956	134	341	21	67	30	14	607	116
1957	137	425	28	30	26	36	682	218
1958	113	378	12	43	28	22	596	104
1959	95	415	5	57	43	—	615	76
1960	145	435	—	57	31	25	693	99
1961	134	451	—	54	40	40	719	100
								819

<sup>1</sup> Pristilskot frå statsrekneskapen til Prisdirektoratet sine fond er ikkje tekne med under statsrekneskapen.

### Løner i jordbruk og skogbruk

Kvart år frå og med driftsåret 1915—16 er det innhenta oppgåver over lønene i jordbruksåret. Oppgåvene vert innhenta på spørjeskjema, som kvart år i januar vert sende til fire gardbrukarar i kvart herad. For driftsåret 1960—61 kom det inn om lag 900 oppgåver.

Oppgåvene skal gjelda den arbeidsløn som ålement vert betalt i heradet. Det er altså ikkje individuelle lønsoppgåver. Løna vert oppgjeven som månadsløn og dagløn på arbeidsgjevars kost eller på eigen kost, og spesifisert på menn og kvinner i ymse slag arbeid. Der det er oppgjevi timeløn, reknar ein om til dagløn etter 8 timars dag. Løn på arbeidsgjevars kost skal gjelda kontantløn, medan løn på eigen kost skal gjelda totalløna (medrekna frie naturali).

Nokre av oppgåvene gjeld dagsforteneste og stykkloen på akkordarbeid.

Vanlege arbeids- og lønstillegg skal vera med i oppgåvene, men ikkje feriegodtgjersle eller ferietillegg.

I høve til åra før er det frå 1959—60 gjort nokre brigde i oppgåveskjemaet (sjå Jordbruksstatistikk 1959, s. 37). Dette har ført til at ein ikkje heilt ut kan jamføra alle lønskategoriane med oppgåvene for åra før 1959—60.

Tabell 58. Løner i jordbruk og skogbruk. Kr.

	I sommarhalvåret						I vinterhalvåret.					
	Månadsløn på arbeids- gjevars kost	Dagløn på eigen kost					På eigen kost. Menn					
		Fast gards- arbeid	Tilfeldig gardsarbeid			Skogs- arbeid pr. dag						
			I slåttonna	Elles								
	M.	Kv.	M.	M.	Kv.	M.	Kv.	Skogs- køyring (mann og hest) pr. dag	Tøm- merhogst pr. m <sup>3</sup> (berkt)			
1948—49	245	142	..	18,44	12,01	16,79	11,14	19,10	29,44	8,62		
1955—56	398	250	..	28,87	20,14	27,17	18,91	30,78	45,18	15,20		
1956—57	434	266	..	31,08	21,21	29,00	20,09	32,78	47,68	16,45		
1957—58	453	282	..	32,07	22,68	30,38	21,50	33,97	51,00	16,88		
1958—59	472	294	..	33,63	23,57	31,98	22,58	35,51	51,92	17,14		
1959—60	499	288	31,41	35,32	24,52	33,70	23,64	37,85	54,97	16,82		
1960—61	531	307	32,86	37,28	26,57	35,82	25,73	40,11	56,72	17,55		
1961—62	577	327	36,25	39,48	29,01	38,51	28,45	43,42	61,62	19,25		

På grunnlag av dei oppgåvane som kjem inn, reknar ein ut lønene som medeltal. Både fylkes- og rikstala er uvegne medeltal. Dei oppgåvane som kjem inn på denne måten, ymsar mykje. Medeltala dekkjer såleis over store variasjonar.

Tabell VIII bak i boka syner medellønene for landet dei to siste åra jamførte med oppgåvane for 1948—49. Utviklinga frå 1948—49 fram til 1961—62 går fram av tabell 58. Tabell 59 syner fylkestal for sume av lønsoppgåvane.

Tabell 59. Løner i jordbruket 1961—62 jamførte med 1948—49 og 1960—61.

	Menn						Kvinner									
	1948		1960		1961		Endring i pet.		1948		1960		1961		Endring i pet.	
	—49	—61	—61	—62	1948—49	1960—61	til	til	—49	—61	—62	1948—49	1960—61	til	1961—62	1961—62
	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	1961—62	1961—62			Kr.	Kr.	Kr.	1961—62	1961—62		1961—62	1961—62
Månedsløn i sommarhalvåret Tenestefolk på arbeidsgjekkars kost																
Østfold .....	278	554	649	133,5	17,1	163	329	377	131,3	138,1	138,1	7,0				
Akershus.....	270	615	665	146,3	8,1	155	345	369	175,2	362	388	7,2				
Hedmark .....	234	565	648	176,9	14,7	141	355	375	135,8	174	175,2	5,6				
Oppland .....	263	622	672	155,5	8,0	159	349	389	123,6	362	388	11,5				
Buskerud .....	289	598	637	120,4	6,5	174	311	386	152,8	349	389	24,1				
Vestfold .....	264	521	616	133,3	18,2	153	319	382	122,1	311	386	19,7				
Telemark .....	272	617	650	139,0	5,3	172	319	357	156,8	319	382	2,2				
Aust-Agder.....	270	624	599	121,9	—	4,0	139	365	164,3	365	370	23,3				
Vest-Agder.....	261	515	533	104,2	3,5	140	300	356	108,2	300	356	11,0				
Rogaland .....	278	555	585	110,4	5,4	171	400	356	142,5	293	323	4,4				
Hordaland .....	238	485	506	112,6	4,3	150	319	333	122,0	319	357	2,2				
Sogn og Fjordane ..	254	500	531	109,1	6,2	159	357	365	125,7	357	365	4,4				
More og Romsdal ..	214	468	498	132,7	6,4	136	294	307	125,7	294	307	4,4				
Sør-Trøndelag .....	213	537	556	161,0	3,5	120	293	291	142,5	293	291	0,7				
Nord-Trøndelag .....	219	539	571	160,7	5,9	122	284	283	132,0	284	283	0,4				
Nordland .....	218	443	507	132,6	14,4	110	209	241	119,1	209	241	15,3				
Troms .....	251	469	453	80,5	—	3,4	116	228	112,9	228	247	8,3				
Finnmark .....	187	372	..	..	..	97	243	230	137,1	243	230	5,3				
I alt.....	245	531	577	135,5	8,7	142	307	327	130,3	307	327	6,5				
Dagløn i slåttonna på eigen kost																
Østfold .....	19,24	39,19	43,25	124,8	10,4	13,48	29,06	33,00	144,8	29,06	33,00	13,6				
Akershus.....	17,25	38,44	39,32	127,9	2,3	13,01	28,60	31,77	144,2	28,60	31,77	11,1				
Hedmark .....	16,72	36,65	38,97	133,1	6,3	11,73	31,27	34,50	194,1	31,27	34,50	10,3				
Oppland .....	16,04	35,48	38,00	136,9	7,1	10,98	26,75	28,41	158,7	26,75	28,41	6,2				
Buskerud .....	19,30	39,88	42,77	121,6	7,2	12,62	29,00	29,11	130,7	29,00	29,11	0,4				
Vestfold .....	18,55	34,71	39,63	113,6	14,2	13,41	29,50	31,20	132,7	29,50	31,20	5,8				
Telemark .....	19,85	42,38	42,53	114,3	0,4	11,38	25,00	28,62	151,5	25,00	28,62	14,5				
Aust-Agder.....	18,47	38,69	42,12	128,0	8,9	10,47	24,97	27,50	162,7	24,97	27,50	10,1				
Vest-Agder.....	19,83	42,50	44,68	125,3	5,1	11,31	25,48	28,96	156,1	25,48	28,96	13,7				
Rogaland .....	19,02	37,98	40,61	113,5	6,9	12,87	27,69	29,63	130,2	27,69	29,63	7,0				
Hordaland .....	17,76	35,93	38,08	114,4	6,0	11,18	25,37	25,19	125,3	25,37	25,19	0,7				
Sogn og Fjordane ..	16,57	33,64	36,76	121,8	9,3	10,97	23,93	27,89	154,2	23,93	27,89	16,5				
More og Romsdal ..	17,99	35,54	35,39	96,7	—	0,4	11,66	24,54	29,13	149,8	24,54	29,13				
Sør-Trøndelag .....	18,61	37,63	38,12	104,8	1,3	13,50	29,47	29,00	114,8	29,47	29,00	1,6				
Nord-Trøndelag .....	17,34	35,58	38,09	119,7	7,1	10,88	26,31	28,13	158,5	26,31	28,13	6,9				
Nordland .....	18,48	36,69	38,40	107,8	4,7	11,82	25,70	28,13	138,0	25,70	28,13	9,4				
Troms .....	20,83	35,42	38,36	84,2	8,3	14,86	26,68	28,20	89,8	26,68	28,20	5,7				
Finnmark .....	21,13	37,23	36,70	73,7	—	1,4	12,41	28,92	31,20	151,4	28,92	31,20				
I alt.....	18,44	37,28	39,48	114,1	5,9	12,01	26,57	29,01	141,5	26,57	29,01	9,2				

For gardsarbeidar på arbeidsgjevars kost var kontantløna sommaren 1961 i medel kr. 577 pr. månad, mot kr. 531 året før — ein auke på 8,7 prosent. For fjøsrøktar var auken 12,5 prosent. Månadsløn på eigen kost var om lag kr. 240 høgre enn på arbeidsgjevars kost.

Dagløna for slåttearbeit auka med 6—7 prosent til kr. 34,38 på arbeidsgjevars kost og kr. 39,48 på eigen kost for sommaren 1961. For anna tilfeldig gardsarbeid var løna 1—2 kroner liggere pr. dag. Medelløna sommaren 1961 var elles på eigen kost kr. 47,71 pr. dag for tømmermannsarbeid og kr. 46,06 for traktorførar. Dagsfortenesta ved grøftearbeid var kr. 43,83.

For skogssarbeid var dagsfortenesta vinteren 1961—62 kr. 43,42 på eigen kost, ein auke på om lag 8 prosent frå året før. Dagsfortenesta for skogskøyring med hest var kr. 61,62. Hogstprisane for tømmer vinteren 1961—62 var kr. 19,25 for berkt og kr. 12,92 for uberkt tømmer, eller om lag 10 prosent meir enn året før, medan prisane for vedhogst var auka med 5—6 prosent.

For kvinneleg arbeidshjelp var månadsløn for tenestjente på arbeidsgjevars kost sommaren 1961 kr. 327, eller 6,5 prosent meir enn året før. Dagløna auka noko meir. For budeier på månadsløn var auken 10 prosent.

Sett i høve til lønsnivået i 1948—49, er lønene i jordbruksstort sett auka med om lag 130 prosent, men auken er ikkje den same for dei ulike lønskategoriar. Hogstprisane for tømmer og ved er stort sett auka med 100—130 prosent sidan vinteren 1948—49.

Som for tidlegare år syner lønsoppgåvne store variasjonar, slik at medeltala vert usikre. Dette gjeld særleg fylkestala. Det same gjeld dei lønskategoriar der talet på oppgåver er lite.

Ved lønsavtalen frå 15. februar 1960 mellom Jordbruksarbeiderforening og Norsk Skog- og Landarbeiderforbund vart den ordinære arbeidstid for vanleg jordbruksarbeid sett ned frå 48 til 45 timer pr. veke i gjennomsnitt for året. Den leiande lønssatsen vart då sett til kr. 4,00 pr. time for gardsarbeidar over 21 år med 4 års praksis. Dette gjeld normalløn på eigen kost. Frå 15. januar 1961 vart denne lønssatsen auka til kr. 4,50 pr. time.

Frå 15. januar 1962 gjeld ein 2-års avtale fram til 15. januar 1964. Den leiande satsen vart sett til kr. 5,00 pr. time frå 15. januar 1962 og til kr. 5,50 frå 15. januar 1963.

For gartneri og hagebruk og for skogbruk er det særskilde avtalar.

Tabell 60 gjev eit oversyn over sume av tariffsatsane for jordbruksarbeidet.

Tabell 60. Nokre tariffsatsar frå lønsavtalane.

	Gardsarbeidar over 21 år med 4 års praksis		Fjøsrøktar ved fjøs med 15—19 kyr	Kvinneleg innehjelp over 20 år
	med månadsløn	med timeløn (fast arbeid)		
Frå 14. april 1954.....	Kr. pr. mnd.	Kr. pr. time	Kr. pr. mnd.	Kr. pr. mnd.
» 1. mars 1956.....	536,00	2,80	607,00	1264,00
» 15. januar 1958.....	2650,00	3,25	707,00	3470,00
» 16. juli 1958.....	2710,00	3,55	750,00	3500,00
» 15. februar 1960.....	2734,00	3,67	776,00	3524,00
» 15. januar 1961.....	2760,00	4,00	796,00	3542,00
» 15. januar 1962.....	2855,00	4,50	900,00	3600,00
	2950,00	5,00	1 004,00	3660,00

<sup>1</sup> Med fri kost og losji. <sup>2</sup> Rekna ut etter 200 timer pr. månad. <sup>3</sup> Kost og losji rekna med. <sup>4</sup> Rekna ut etter 190 timer pr. månad.

## Prisar på faste eigedomar

### 1. Omsetnad av fast eigedom.

Byrået sin årlege statistikk over omsetnad av fast eigedom byggjer på tinglysing av heimelsoverføringer. Oppgåvane femnar ikkje ekspropriasjon av grunn til gater og vegar, men gjeld elles all omsetnad av grunn og byggverk. Oppgåvane gjeld både fri og tvungen omsetnad, familiesal og heimelsoverføring ved arv eller gave. Talet på omsette eigedomar og salssum femnar såleis eigedomar av skiftande slag og verde, like eins som salsverde eller verdsetjing byggjer på skiftande grunnlag.

Tabell IX syner talet på og salssum for all omsetnad av faste eigedomar i byane og bygdene i åra 1956 til 1960. I dei siste tre åra vart det omsett i alt:

	I byane		I bygdene	
	Eigedomar	Salssum	Eigedomar	Salssum
	1 000 kr.		1 000 kr.	
1958 .....	6 579	345 010	35 965	518 015
1959 .....	6 631	380 236	38 459	577 461
1960 .....	7 020	399 627	40 738	664 120

For eigedomane i bygdene får ein og oppgåver over matrikkskylda. Samla skyld ved dei omsette eigedomane har gjennomgåande vori mellom 15 000 og 20 000 skyldmark, eller om lag 3—4 prosent av samla skyld i landet. Det har etter kvart vorti skipa fleire og fleire små eigedomar, og desse vert omsette oftare enn dei større eigedomane. Dette har ført til at medels storleik av omsette eigedomar, mælt i skyldmark, har gått ned frå om lag 1 mark i 1930-åra til 37 øre i 1960. I same tidsrom har prisen pr. skyldmark auka til om lag det femdoble, frå 8—9 000 kroner i tretti-åra til om lag 44 000 kroner i 1960.

### 2. Prisar på jordbruksseigedomar.

Særskilt for jordbruksseigedomar vert det utrekna medelprisar pr. skyldmark for eit utval av dei oppgåvane som er nemnde framfor. Utvalet femnar berre vanlege jordbruksseigedomar i fri omsetnad til framande og med minst 24 øre i skyld.

Det er berre ein mindre del av dei omsette eigedomane i bygdene som har minst 24 øre i skyld. I åra 1950 til 1953 hadde såleis meir enn tre fjerdepartar av dei omsette eigedomane mindre enn 24 øre i skyld. Av eigedomane med minst 24 øre i skyld var om lag to tredjepartar familiesal e. l. og 2—3 prosent tvungne sal. Av resten som vart omsett fritt, var ein stor del ikkje jordbruk, eller jordbruk der hus, lægje o. l. tilhøve hadde gjort at prisen vart svært høg eller låg og difor vart haldne utanfor utrekningane.

I 1930-åra var det om lag 3 000 eigedomar som vart lagde til grunn for utrekningane av verde pr. skyldmark. Sidan 1939 har dette talet gått jamt nedover, og for 1960 vart det nytta oppgåver berre for 1 123 eigedomar med ei samla skyld på 1 996 mark. Dette er 2,8 prosent av eigedomane og 13,3 prosent av matrikkskylda for alle omsette eigedomar i bygdene utanom Finnmark fylke.

Ved sida av at det etter måten er få eigedomar med i utrekningane, hefter det og andre lyte ved materialet. Matrikkelen har ikkje vori revidert sidan 1860-åra. Sidan den tida har verde for mange eigedomar vorti mykje brigda, slik at dei etter tilhøva no kan ha svært høg eller låg matrikkel skyld. Vidare vil skildnad i hustilstand, korleis jorda er i hevd, sentral eller avleies lægje osb. føra til at handelsverde utrekna pr. skyldmark skiftar mykje, sjølv for dei eigedomane ein reknar som vanlege jordbruk. Dei einskilde sal kan difor verka sterkt på resultatet. Det er og ei ulempe at det ofte vantar turvande opplysningar om eigedomane.

Sidan utrekningane av skyldmarksverde tok til i 1852, har det stort sett vori auke, mest grunna nedgang i pengeverde, men og mykje på grunn av auken i omsetnad av dei små eigedomar. (Sjå det som er nemnt før og hovudtabell X, som syner medelprisen pr. skyldmark i dei einskilde storleiksklassane.)

Vidare har investeringar i bygningar og grunnforbetringar, framsteg i driftsteknikk og samferdsel ført til verdauke.

Gjeldande prisførersegner for faste eigedomar tek sikte på ei prisregulering i visse distrikt for eigedomar med 1—5 husvære og inntil 10 dekar tomt (frå 15. oktober 1954) og for tomteareal m. v. (frå 1. september 1958).

Jordbrukseigedomar kjem etter 15. oktober 1954 for det meste utanom dei særlege prisførerseggnene for fast eigedom, men kjem framleis inn under dei vanlege føreseggnene i prislova.

Utrekna medelpris pr. skyldmark for jordbrukseigedomar i 1960 var 21 624 kroner, mot 20 440 kroner i 1959. Det er ein auke på 5,8 prosent, mot 3,3 prosent frå 1958 til 1959. Tabell 61 syner skyldmarksverde i relative tal (1938=100) og dei årlege brigde i prosent av året før.

Tabell 61. Skyldmarksverde. 1938 = 100.

År	Relative tal	Brigde frå året før i pct.	År	Relative tal	Brigde frå året før i pct.	År	Relative tal	Brigde frå året før i pct.
1914	50	+ 4,4	1930	81	— 7,8	1946	146	— 4,06
1915	53	+ 7,2	1931	75	— 6,7	1947	164	+ 12,30
1916	60	+ 13,6	1932	70	— 7,15	1948	161	— 1,71
1917	90	+ 49,6	1933	71	+ 0,89	1949	184	+ 14,59
1918	128	+ 41,7	1934	76	+ 6,95	1950	189	+ 2,71
1919	137	+ 7,3	1935	83	+ 10,27	1951	189	— 0,10
1920	138	+ 0,8	1936	91	+ 8,88	1952	204	+ 7,85
1921	127	— 8,2	1937	95	+ 4,29	1953	240	+ 17,69
1922	117	— 8,0	1938	100	+ 5,62	1954	248	+ 3,44
1923	113	— 3,2	1939	105	+ 4,66	1955	268	+ 8,04
1924	116	+ 3,1	1940	112	+ 7,23	1956	299	+ 11,54
1925	115	— 1,0	1941	122	+ 8,90	1957	319	+ 6,53
1926	100	— 13,1	1942	132	+ 8,06	1958	352	+ 10,64
1927	92	— 8,5	1943	147	+ 11,15	1959	364	+ 3,26
1928	91	— 0,8	1944	145	— 1,02	1960	385	+ 5,79
1929	88	— 3,3	1945	152	+ 4,45			

Tabell 62 syner skyldmarksverde i relative tal (1938=100) jamført med vareprisnivået etter Byrået sin engrosprisindeks.

Tabell 62. Engrosprisar og skyldmarksverde. 1938 = 100.

Engrosprisindeks		Salssum pr. skyldmark	
		Vanlege jordbruks eige domar i fri omsetnad	Alle omsette eige domar i bygdene
		Relative tal	
1955	284	268	270
1956	299	299	335
1957	309	319	360
1958	304	352	390
1959	304	364	402
1960	306	385	470

Tabell 63 syner medels skyldmarksverde i kroner for fylka og riket (unnateki Finnmark) i åra 1938 til 1940 og 1955 til 1960 og for femåret 1956—1960.

Dei oppførte medelprisane er både for dei einskilde fylka og for riket, utrekna ved å dividera salssummen med samla matrikkelskyld for dei eige domane som er medtekne.

Tabell 63. Medelprisar pr. skyldmark. Kr.

Bygdene fylkesvis	1938	1939	1940	1955	1956	1957	1958	1959	1960	1956— 1960
Østfold .....	5 889	5 951	6 194	16 573	17 717	19 594	20 869	21 845	19 440	19 869
Akershus.....	6 199	6 661	6 985	18 436	23 362	22 287	24 358	26 294	26 046	24 317
Hedmark .....	4 914	5 225	5 761	17 347	19 962	21 304	25 026	27 008	27 559	24 209
Oppland .....	5 380	5 615	6 164	14 149	15 337	21 532	21 859	17 874	19 401	19 238
Buskerud .....	6 138	6 251	6 811	18 131	19 045	25 274	20 175	26 368	23 063	22 433
Vestfold .....	6 114	6 271	6 634	16 818	18 715	23 023	22 608	22 681	25 176	21 994
Telemark .....	5 615	5 748	5 753	14 924	15 520	16 706	16 978	15 862	22 845	17 614
Aust-Agder.....	5 890	5 934	6 240	16 115	17 935	18 004	18 646	23 599	21 189	19 641
Vest-Agder.....	6 288	6 276	6 386	16 564	16 363	16 652	22 401	20 985	23 045	19 579
Rogaland .....	6 631	7 265	7 553	19 601	22 648	20 861	25 971	24 036	27 413	23 916
Hordaland .....	5 237	5 215	5 715	13 588	11 334	14 517	17 561	15 862	16 941	15 089
Sogn og Fjordane.	4 621	4 907	5 200	8 553	9 288	10 040	10 181	11 548	11 590	10 393
Møre og Romsdal.	4 748	5 105	5 287	10 200	12 118	11 250	13 249	15 045	16 747	13 108
Sør-Trøndelag ...	5 197	5 493	5 831	10 665	13 701	14 915	14 073	14 960	16 711	14 663
Nord-Trøndelag..	4 938	5 021	5 343	12 796	12 132	12 539	16 812	17 551	17 346	15 029
Nordland .....	4 603	4 759	5 212	9 700	10 306	10 860	12 085	14 369	14 023	12 279
Troms .....	5 240	5 197	5 718	15 511	19 630	17 305	22 197	23 150	23 144	20 946
Riket (unnateki Finnmark) ....	5 617	5 879	6 304	15 057	16 794	17 891	19 794	20 440	21 624	19 249

Sett i høve til 1938, var medelprisen i 1956—1960 i alt gått opp med 243 prosent. For dei einskilde fylka var auken i prosent:

Østfold .....	237	Rogaland .....	261
Akershus.....	292	Hordaland .....	188
Hedmark .....	393	Sogn og Fjordane .....	125
Oppland .....	258	Møre og Romsdal .....	176
Buskerud .....	265	Sør-Trøndelag .....	182
Vestfold .....	260	Nord-Trøndelag .....	204
Telemark .....	214	Nordland .....	167
Aust-Agder.....	233	Troms .....	300
Vest-Agder.....	211	Riket (unnateki Finnmark)....	243

Oppgangen var størst i Hedmark. Deretter kjem Troms og Akershus. Minst var oppgangen i Sogn og Fjordane, Nordland og Møre og Romsdal.

Tabell X syner skyldmarksverde for eideomar i ulike storleiksklassar delt etter matrikkelskylda. Skyldmarksverdet er størst for dei minste eideomane og går stort sett ned med aukande bruksstorleik. Prisauken har og vori størst for dei minste eideomane. I høve til 1938 var skyldmarksverdet i 1960 i klasse 1 nesten sjudobla, i klasse 2 over firedobla, for klassane 3 og 4 var skyldmarksverdet mellom tre- og firedobla og for klasse 5 snautt tredobla.

I tabell 64 er det gjevi oppgåver frå skattefutane over talet på alle særskilt skyldsette eideomar (bruksnummer) og matrikkelskylda. Dersom ein gjer det utrekna skyldmarksverde for året 1960 og femåret 1956—1960 gjeldande for samla matrikkelskyld i fylka, vil ein få det verde for landeideomane i alt som er gjevi i tabellen. Etter denne utrekninga kjem samla verde av landeideomane i heile riket i medeltal for femåret 1956—1960 opp i 9 379 mill. kroner.

Tabell 64. Landeideomane, matrikkelskyld, skyldmarksverde og utrekna verde fylkesvis.

Fylke	Særskilt skyldsette lanteideomar (bruksnummer) ved utgangen av 1958		Skyldmarksverde		Samla verde av lanteideomar etter gjennomsnittleg skyldmarksverde	
	Tal	Matrikkel- skyld	1956—1960	1960	1956—1960	1960
		Mark	Kr.	Kr.	1 000 kr.	1 000 kr.
Østfold .....	40 873	36 892	19 869	19 440	733 007	717 180
Akershus.....	78 800	39 033	24 317	26 046	949 165	1 016 654
Hedmark .....	76 541	52 151	24 209	27 559	1 262 524	1 437 229
Oppland .....	62 571	49 773	19 238	19 401	957 533	965 646
Buskerud .....	57 341	35 779	22 433	23 063	802 630	825 171
Vestfold .....	50 259	26 804	21 994	25 176	589 527	674 818
Telemark .....	40 209	28 883	17 614	22 845	508 745	659 832
Aust-Agder.....	27 488	17 555	19 641	21 189	344 798	371 973
Vest-Agder.....	33 195	15 224	19 579	23 045	298 071	350 837
Rogaland .....	56 897	22 570	23 916	27 413	539 784	618 711
Hordaland .....	83 977	28 029	15 089	16 941	422 930	474 839
Sogn og Fjordane ..	30 766	25 521	10 393	11 590	265 240	295 788
Møre og Romsdal ..	53 363	27 539	13 108	16 747	360 981	461 196
Sør-Trøndelag .....	47 933	29 522	14 663	16 711	432 881	493 342
Nord-Trøndelag .....	31 356	29 577	15 029	17 346	444 513	513 043
Nordland .....	55 536	17 467	12 279	14 023	214 477	244 940
Troms .....	32 590	6 880	20 946	23 144	251 938	278 376
Finnmark .....	21 061	5 148	—	—		
Riket .....	880 756	494 347	19 249	21 624	9 378 744	10 399 575

## Omlaup og sædskifte. Planteproduksjon

Ved utvalstellinga den 20. juni 1961 vart det innhenta oppgåver over bruken av jorda, utover det som den vanlege arealstatistikken gjev, og sume oppgåver over planteproduksjonen på bruka.

Stort sett var oppgåvene godt utfylte, men for sume spørsmål var svarprosenten noko låg. Tabellane XI—XIII bak i boka syner hovudresultata for fylka og jordbruksområda i relative tal. I fylgjande omtale av teljingsresultata er det også oppgåver for bruk av ulik storleik.

### *Omlaup og sædskifte.*

For om lag 100 år sidan var dei eldste driftsmåtane enno vanlege over heile landet. Ein del av jorda vart nytta berre til åker, mest til korn, og ein del vart berre nytta til eng, mest natureng. I dei sør-austlege strok av landet var sume i ferd med å prøva ymse slag av vekselbruk. 70 år seinare, ikring 1930, var eit ordna omlaup med skifte mellom åker og eng mykje nytta, men i strok der driftsmåten var mest bunden av naturvilkåra, vart jorda stort sett driven som før. Det var også til dels dårleg tilgang på gjødsel og høveleg såfrø.

Omlaup og sædskifte på denne tida er nærmere omtala i fjerde hefte av Jordbruksstellingen i Norge, 1929 (NOS VIII 188).

Utviklinga i dyrkingsteknikk i dei siste 30 åra har stort sett ført til større fridom enn før i val av planteslag, men framleis er naturvilkåra avgjerande for driftsmåten for mange bruk i landet. Dei økonomiske tilhøva verkar no som før på retningslinene i planteproduksjonen, og omsyn til den maskintekniske utviklinga gjer seg meir og meir gjeldande.

Tabell 65 gjev eit oversyn over bruken av dyrka jord frå 1835 til 1959. Fram til 1850-åra var korndyrkinga einsidig, meir eller mindre regelbundi avbroten av «træde». Det var lite av andre åkervokstrar og lite eng på fulldyrka jord. Fall i kornprisane ikring 1850 førte til stagnasjon i korndyrkinga, og etter kvart vart det dyrka meir fôrvokstrar på fulldyrka jord. Dei siste 10 åra har korndyrkinga auka att, medan engarealet har gått tilbake.

Tabell 66 viser utviklinga i dei ymse distrikta. I dei sør-austlege fylka er arealet av dyrka jord ubrigda. Åkerarealet har auka, men engarealet har minka. Elles i landet har det fulldyrka arealet auka, i sume fylke både til åker og til eng, men i andre fylke har berre engarealet auka.

Tabell 67 gjev eit oversyn over arealet på dei bruka som var med i teljinga i 1961.

Tabell 65. Areal av dyrka jord. 1 000 dekar.

	Korn	Annan åker og hage	Eng	I alt
1835 <sup>1</sup> .....	1 287	<sup>2</sup> 147	..	..
1855 <sup>1</sup> .....	1 870	<sup>2</sup> 266	..	..
1875 <sup>1</sup> .....	1 951	<sup>2</sup> 356	3 103	5 410
1900 <sup>1</sup> .....	1 650	675	4 475	6 800
1929.....	1 765	977	5 046	7 788
1939.....	1 837	1 109	5 296	8 242
1949.....	1 520	1 181	5 422	8 123
1959.....	2 182	1 297	4 915	8 393

<sup>1</sup> Utrekna etter utsæde m. v.    <sup>2</sup> Berre poteter og rotvokstrar.

Tabell 66. Bruken av dyrka jord. Prosenttal.

Distrikt	År	Korn	Annan åker og hage	Eng	I alt	Dyrka jord i 1875 = 100
Østfold, Akershus, Buskerud, Vestfold, Telemark	1875 <sup>1</sup>	<sup>2</sup> 34	..	66	100	100
	1929	27	13	60	100	108
	1959	40	17	43	100	98
Hedmark, Oppland	1875 <sup>1</sup>	<sup>2</sup> 58	..	42	100	100
	1929	31	14	55	100	163
	1959	38	16	46	100	187
Agder	1875 <sup>1</sup>	<sup>2</sup> 43	..	57	100	100
	1929	15	12	73	100	156
	1959	7	18	75	100	148
Rogaland	1875 <sup>1</sup>	<sup>2</sup> 76	..	24	100	100
	1929	20	17	63	100	281
	1959	16	24	60	100	309
Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal	1875 <sup>1</sup>	<sup>2</sup> 74	..	26	100	100
	1929	12	13	75	100	237
	1959	3	17	80	100	287
Trøndelag	1875 <sup>1</sup>	<sup>2</sup> 36	..	64	100	100
	1929	21	8	71	100	149
	1959	25	12	63	100	160
Nord-Noreg	1875 <sup>1</sup>	<sup>2</sup> 46	..	54	100	100
	1929	6	15	79	100	259
	1959	1	10	89	100	438
I alt	1875 <sup>1</sup>	36	7	57	100	100
	1929	23	12	65	100	144
	1959	26	15	59	100	155

<sup>1</sup> Sjå note 1, tabell 65. <sup>2</sup> Poteter og rotvokstrar rekna med.

Tabell 67. Bruken av dyrka areal på bruk som var med i teljinga.  
Prosenttal.

	Bruk	Korn og erter	Annan åker og hage	Slåtteng på dyrka jord	I alt
	Pct.	Pct.	Pct.	Pct.	Pct.
Undersøkte bruk i alt.....	19 479	30,0	13,4	56,6	100
Bruk med 5,1—100 dekar <sup>1</sup> .....	17 502	16,5	14,1	69,4	100
—«— over 100 —«— .....	1 977	51,7	12,2	36,1	100
Bruk med 5,1—100 dekar:					
Austlandet med Telemark .....	5 558	32,2	15,3	52,5	100
Agder .....	1 213	8,7	17,1	74,2	100
Vestlandet .....	5 059	5,4	16,9	77,7	100
Trøndelag .....	1 824	19,2	12,3	68,5	100
Nord-Noreg .....	3 848	0,6	8,1	91,3	100
Bruk med over 100 dekar:					
Austlandet med Telemark .....	1 286	58,2	12,2	29,6	100
Agder .....	13	24,8	22,6	52,6	100
Vestlandet .....	240	22,5	18,3	59,2	100
Trøndelag .....	372	42,0	9,4	48,6	100
Nord-Noreg .....	66	5,0	12,2	82,8	100

<sup>1</sup> Jordbruksareal.

#### Medels omlaupstid.

Arealstatistikken åleine gjev lite opplysningar om omlaupstid og vekstfylgje, der det vert dyrka fleire voksterslag. For å syna vekslinga mellom åker og eng vart det ved jordbrukssteljinga i 1929 henta inn oppgåver over areal som var sådd til med engfrø. Eit liknande spørsmål var teki med ved jordbrukssteljinga i 1959. Ved utvalsteljinga i 1961 vart det gjevi oppgåver over slåtteng attlagd siste året, saman med oppgåver over alderen på slåttenga.

Let ein desse oppgåvene stå for eit årleg skifte frå åker til eng, kan ein rekna ut eit medels omlaup i åker-år og eng-år. Dette er gjort i tabell 68.

Tabell 68. Medels omlaupstid.

	1929	1959	1961
Areal:	1 000 dekar		
Åker og hage i alt .....	2 742	3 267	323,5
Slåtteng på dyrka jord.....	4 819	4 269	422,7
Årleg attlegg til eng .....	<sup>1</sup> 676	<sup>2</sup> 641	<sup>3</sup> 64,9
Medels omlaupstid:		År	
Åker og hage i alt .....	4	5,1	5,0
Slåtteng på dyrka jord.....	7	6,7	6,5
I alt.....	11	11,8	11,5

<sup>1</sup> Areal sådd til med grasfrø i 1929 (bygdene). <sup>2</sup> Areal sådd til med engfrø i 1958 (bruk over 5 dekar). <sup>3</sup> Areal attlagt til eng i 1960 (med tillegg). Bruk som var med i teljinga.

Tabell 69. Medels omlaupstid i år i dei ymse jordbruksområda.

	1929		1959		1961	
	Åker <sup>1</sup>	Eng	Åker <sup>1</sup>	Eng	Åker <sup>1</sup>	Eng
Riket .....	4	7	5,1	6,7	5,0	6,5
A. Austlandet med Telemark .....	4-5	6	7,7	5,3	7,0	4,7
Dei sør austlege slettebygder .....	4	5-6	9,2	4,6	7,8	3,6
Silurbygdene inne i landet .....	5	5	10,1	3,9	9,9	3,5
Mellom- eller skogbygder .....	4	6-7	6,7	5,4	6,5	5,1
Dal- og fjellbygder .....	(5-6)	(10-11)	3,2	8,1	3,1	8,0
B. Agder .....	3-4	9	3,3	10,1	3,3	9,0
Kystbygder .....	4	9-10	4,2	8,8	4,2	7,4
Mellom- eller skogbygder .....	3-4	7-8	2,6	10,0	2,9	9,5
Dal- og fjellbygder .....	6	(16)	2,5	14,7	2,2	12,1
C. Vestlandet .....	5-6	14	3,2	9,0	3,0	9,2
Skiferlandskapa ved Boknfj..	5-6	10	3,7	5,7	4,0	6,6
Slettelandet på Jæren .....	5	6	3,7	3,0	3,8	3,1
Andre ytre bygder .....	8	22-23	2,6	12,4	2,6	13,3
Indre bygder .....	6	18-19	3,4	10,4	3,0	9,9
D. Trøndelag .....	3	7	3,0	4,5	3,3	4,9
Kystbygder .....	6-7	18	2,2	6,9	2,6	7,6
Ytre fjordbygder .....	3	11	2,2	4,5	2,2	5,2
Bygder ved Trondheimsfj..	3	5	3,6	3,5	4,1	3,9
Dal- og fjellbygder .....	(4)	(6)	1,8	7,6	1,8	7,9
Andre indre bygder .....	3	6-7	2,8	3,9	3,5	4,4
E. Nord-Noreg .....	..	..	1,7	14,1	1,8	17,2
Øyer .....	..	..	2,8	23,3	2,9	24,9
Kystbygder .....	..	..	1,7	12,8	2,0	16,9
Fjord- og dalbygder .....	..	..	1,5	13,4	1,4	16,1
Innlandsbygder .....	..	..	1,2	10,4	1,1	13,0

<sup>1</sup> Åker og hage i alt.

Ein må ta sume etterhald ved ei slik utrekning. I 1929 var det i sume strok enno vanleg å leggja ut åker til eng utan å så i engfrø. Elles kan arealet attlagt til eng ymsa noko frå år til år, slik at teljingsåret ikkje syner det vanlege (sjå tab. 75). Det er også slik at areal som vert brukt meir einsidig enn vanleg — anten det er til åker (og hage) eller til eng — gjer at gjennomsnittet utrekna på denne måten viser noko lengre omlaupstid enn mange av dei vanlege typer av eng-vekselbruk. Attlegg på nydryrka jord kan verka i motsatt lei.

Gjennomsnittet for landet under eitt dekkjer over store skilnader frå distrikt til distrikt, og innan kvart distrikt kan driftsformene og skifta mykje. Sjølv på det einskilde bruk kan omlaupet skifta på ymse delar av eigedomen — og ofte med lite regelbundi vekstskifte. Tabell 69 viser gjennomsnittstala for dei ymse jordbruksområda for 1929, 1959 og 1961.

Som regel var det færre eng-år i omlaupet i 1959 og 1961 enn i 1929, særleg i område der det var mange eng-år i 1929. Talet på åker-år har også gått noko ned i dei fleste område, men har auka mykje i flatbygdene på Austlandet.

Tabell 70 syner medels omlaupstid for bruk av ulik storleik i 1959 og 1961. Det er særleg mange åker-år ved større bruk over 100 dekar og mange eng-år på mindre bruk. Distriktstilhøva verkar og på desse tala.

Tabell 70. Medels omlaupstid i år ved bruk av ulik storleik.

Bruksstorleik i dekar jordbruksareal	1959		1961	
	Åker <sup>1</sup>	Eng	Åker <sup>1</sup>	Eng
5,1— 20 dekar .....	5,1	13,0	..	..
20,1— 50 » .....	3,3	9,5	..	..
50,1—100 » .....	3,8	6,6	..	..
I alt 5,1—100 » .....	3,7	8,3	3,7	8,5
100,1—200 dekar .....	5,7	4,5	..	..
200,1—500 » .....	9,4	4,0	..	..
Over 500 » .....	10,2	3,7	..	..
I alt over 100 » .....	7,2	4,3	6,8	3,8

<sup>1</sup> Åker og hage i alt.

Ved utrekninga av medels omlaupstid for åker (og hage) har ein rekna med at attlegget til eng også synte årleg avgang i åker- og hageareal. Av di hagearealet for det meste er permanent hage, utanom omlaupet, er omlaupstida for sjølve åkerarealet noko kortare enn tabell 68 og 70 syner. Dette gjer seg særleg gjeldande i sume distrikt på Vestlandet, der det er mykje frukthage og lite open åker.

Ved teljinga i 1961 vart det og gjevi oppgåver over tilgang til åkerarealet, frå ompløgd slåtteng og beite. Medan attlagd eng utgjorde 8,7 prosent av dyrka areal til åker, hage og slåtteng, så utgjorde ompløgd eng og beite berre 6,8 prosent. Til dette kjem nydyrkninga, med ein årleg tilgang til åkerarealet på om lag 1 prosent av dyrka areal i 1961. Det er såleis ikkje fullt samsvar mellom oppgåvene over tilgang og avgang når det gjeld åker og hage. Skilnaden kan i nokon mon koma frå utrekninga av attlagd eng, men det kan elles vera grunn til å rekna med at oppgåvene over ompløgd eng og beite ikkje er heilt fullstendige.

#### Vekstskifte på åker m. v.

Dei ymse former for sædkifte som var tekne i bruk i 1930-åra, vart nærmere omtala ved jordbrukssteljinga i 1929. Det var fagtenestemenn ute i distrikta som gjorde greie for tilhøva i dei einskilde jordbruksområda.

I 1961 vart det henta inn oppgåver frå dei einskilde bruk over vekstskiftet særskilt for byggarealet, som utgjorde om lag halvparten av åkerarealet i landet. Tabell 71 viser korleis byggarealet 1961 vart nytta året før.

Tabell 71. Sædkifte på byggarealet.

	Prosent av byggarealet 1961 som året før var nytta til:							
	Bygg	Kveite	Anna korn	Korn i alt	Annan åker (brakk med- rekna)	Eng	Ikkje opp- gjevi	I alt
Undersøkte bruk i alt .....	47,3	1,9	13,2	62,4	17,5	14,0	6,1	100,0
Bruk med 5,1—100 dekar <sup>1</sup> .....	41,3	0,6	10,5	52,4	22,8	17,4	7,4	100,0
» » over 100 » .....	50,3	2,5	14,4	67,2	14,9	12,4	5,5	100,0
Austlandet med Telemark .....	50,2	2,1	16,4	68,7	15,2	9,7	6,4	100,0
Agder .....	20,9	0,5	4,4	25,8	33,2	29,9	11,1	100,0
Vestlandet .....	20,0	1,0	6,9	27,9	46,2	20,7	5,2	100,0
Trøndelag .....	45,5	1,1	3,0	49,6	18,1	27,4	4,9	100,0
Nord-Noreg .....	25,8	—	2,4	28,2	32,6	32,5	6,7	100,0

<sup>1</sup> Jordbruksareal.

For landet under eitt var om lag halvparten av byggarealet teken etter bygg, og i alt over 60 prosent etter korn utan omsyn til slag. På Austlandet fylgte om lag 70 prosent av byggarealet etter korn, og det meste av dette var bygg etter bygg. I Trøndelag var det og mykje bygg etter korn, men elles i landet var over 60 prosent av bygget etter annan åker eller etter eng.

Det er såleis store areal der bygg vart dyrka minst 2 år på rad. Omfanget av einsidig korndyrking gjennom minst 5 år går fram av tabell 72. Desse oppgåvene vil sjølv sagt vera noko meir usikre.

Tabell 72. Kornareal i 1961. Prosenttal.

	Bygg	Kveite	Anna korn	Korn i alt	Av kornareal i alt:			
					Minst 2 år bygg	Minst 5 år		
						Bygg og kveite	Ikkje berre bygg og kveite	Korn i alt
Undersøkte bruk i alt.....	67,7	4,3	28,0	100,0	34,0	5,3	13,2	18,5
Bruk med 5,1—100 dekar <sup>1</sup> .....	64,7	2,4	32,9	100,0	28,7	3,7	7,8	11,5
» » over 100 » .....	69,2	5,3	25,5	100,0	36,7	6,1	16,2	22,3
Austlandet med Telemark:								
Dei sør austlege slettebygder .	61,3	3,4	35,3	100,0	33,0	5,8	16,9	22,7
Silurbygdene inne i landet...	74,6	8,6	16,8	100,0	41,1	7,3	11,8	19,1
Mellom- eller skogbygder ...	50,9	3,0	46,1	100,0	24,8	2,6	21,3	23,9
Dal- og fjellbygder .....	88,7	0,6	10,7	100,0	48,9	11,3	5,8	17,1
I alt.....	63,7	4,4	31,9	100,0	33,9	5,8	16,0	21,8
Agder .....	74,6	3,4	22,0	100,0	17,3	0,2	0,4	0,6
Vestlandet .....	68,4	3,3	28,3	100,0	14,4	1,5	0,7	2,2
Trøndelag .....	87,6	4,5	7,9	100,0	41,8	4,8	3,5	8,3
Nord-Noreg .....	87,9	0,3	11,8	100,0	24,2	1,8	—	1,8

<sup>1</sup> Jordbruksareal.

For landet under eitt var det dyrka berre korn dei siste 5 åra på om lag 1/5 av samla kornareal. Det er tilhøva på flatbygdene på Austlandet som veg tyngst i desse oppgåvene. Utrekna som totaltal for heile landet var det slik einsidig korndyrking i minst 5 år på over 400 000 dekar, og av dette fell over 350 000 dekar på slettebygder, silurbygder og mellom- eller skogbygder på Austlandet.

Jamfört med desse areaala, var arealet der det var dyrka berre bygg eller kveite dei siste 5 åra monaleg mindre, sjølv om byggdyrkninga var dominerande. For landet under eitt var arealet med bygg og kveite i minst 5 år 5 prosent av samla kornareal. Det var vel 7 prosent av kornarealet i silurbygdene og vel 11 prosent i dal- og fjellbygdene på Austlandet, og i desse områda var 83 og 89 prosent av kornarealet bygg og kveite. Utrekna som totaltal for landet var det slik einsidig bygg-kveitedyrking i minst 5 år på om lag 120 000 dekar.

Areal med minst 5 år korn, men med meir veksling mellom kornslaga, står i nokon mon i samsvar med arealet av anna korn enn bygg-kveite. Det skiftar såleis frå 6 prosent av samla kornareal i dal- og fjellbygdene på Austlandet — der 11 prosent av kornarealet var havre og blandkorn — til 21 prosent i mellom- eller skogbygdene på Austlandet — der nær halve kornarealet var havre.

Tabell 73 syner desse tilhøva sett i samband med medels omlaupstid for åker og hage i alt.

Tabell 73. Medels omlaupstid i år på åker og i hage.

	Åker og hage i alt	Av dette		Av kornarealet			
		Ikkje korn	Korn	Minst 2 år bygg	Minst 5 år		
					Berre bygg og kveite	Ikkje berre bygg og kveite	Korn i alt
Undersøkte bruk i alt.....	5,0	1,5	3,5	1,2	0,2	0,4	0,6
Bruk med 5,1—100 dekar <sup>1</sup> .....	3,7	1,7	2,0	0,6	—	0,2	0,2
»   » over 100 » .....	6,8	1,3	5,8	2,2	0,3	0,9	1,2
Austlandet med Telemark:							
Dei sør austlege slettebygder .....	7,8	1,6	6,2	2,0	0,4	1,0	1,4
Silurbygdene inne i landet .....	9,9	2,2	7,7	3,2	0,6	0,9	1,5
Mellom- eller skogbygder .....	6,5	1,4	5,1	1,3	0,1	1,1	1,2
Dal- og fjellbygder .....	3,1	1,2	1,9	0,9	0,2	0,1	0,3
I alt .....	7,0	1,6	5,4	1,9	0,3	0,9	1,2
Agder .....	3,3	2,1	1,2	0,2	—	—	—
Vestlandet .....	3,0	2,1	0,9	0,1	—	—	—
Trøndelag .....	3,3	0,9	2,4	1,0	0,1	0,1	0,2
Nord-Noreg .....	1,8	1,6	0,2	—	—	—	—

<sup>1</sup> Jordbruksareal.

Alder på slåttenga m. v. i 1961.

Oppgåvne for 1961 syner slåttengarealet etter attleggsår. Prosenttala er gjevne i tabell 74.

Tabell 74. Areal av slåtteng på fulldyrka jord etter attleggsår.  
Prosenttal.

	Slåttenga var attlagd:							
	Før 1954	1954 —57	1958	1959	1960	Utan dekk- sæd 1961	Utan svar	I alt
Undersøkte bruk i alt.....	22,1	21,1	14,5	13,1	14,4	1,2	13,6	100
Bruk med 5,1—100 dekar <sup>1</sup> .....	27,2	21,6	12,3	11,1	11,—	1,4	15,4	100
»   » over 100 » .....	6,4	19,3	21,2	19,5	25,1	0,6	7,9	100
Bruk med 5,1 —100 dekar:								
Austlandet med Telemark .....	13,5	26,—	17,5	14,5	15,6	0,9	12,—	100
Agder .....	22,5	26,—	12,9	10,8	9,9	0,6	17,3	100
Vestlandet .....	36,4	19,8	9,3	9,2	9,—	2,—	14,3	100
Trøndelag .....	10,4	21,6	18,3	17,5	16,2	0,8	15,2	100
Nord-Noreg .....	42,9	17,7	6,4	5,7	5,—	1,8	20,5	100
Bruk med over 100 dekar:								
Austlandet med Telemark .....	4,—	20,9	22,1	18,2	27,5	0,4	6,9	100
Agder .....	4,—	34,5	20,1	21,5	19,5	0,4	—	100
Vestlandet .....	19,9	16,5	14,7	19,—	19,9	1,2	8,8	100
Trøndelag .....	2,—	15,5	24,3	25,—	24,4	0,5	8,3	100
Nord-Noreg .....	30,3	21,1	9,—	9,8	9,5	2,7	17,6	100

<sup>1</sup> Jordbruksareal.

Det er dverre mykje areal utan oppgåve over attleggsår. Vurdering av oppgåvene gjev grunn til å tru at mykje av dette er gamal eng. Ved utrekning av fyrsteårs eng i 1961 til tabellane 68 og 69, har ein gjort eit prosentvis tillegg som svarar til halvparten av prosenttalet for areal utan oppgåve. Dette gjev og bra samsvar med oppgåvene frå jordbrukssteljinga i 1959 over areal tilsådd med engfrø i 1958, for landet under eitt.

Noko av enga var attlagd utan dekksæd og vart hausta same år som høy. Det er særleg i Nord-Noreg at slikt attlegg er vanleg, og det svara her til om lag 1/3 av samla attlegg eit vanleg år.

Det er ikkje alt attlegg utan dekksæd som reknaast som eng fyrste året. Dersom det er seint sådd og ikkje gjev høyavling same år, skal det reknaast som brakk.

Oppgåvene viser elles at det var noko mindre 2 års eng i 1961, enn 1 års og 3 års eng. Skilnaden var størst for større bruk på Austlandet, og truleg kan tørke-sommaren 1959 ha verka inn. Attlegget i 1960 var difor truleg noko større enn vanleg sume stader.

Arealet av 4—7 års eng svara for det meste til om lag 1—2 års attlegg, men i Nord-Noreg til 3 år. På større bruk i Trøndelag var det mindre av slik eng enn attlegget i eit vanleg år.

Oppgåvene for den eldste enga er truleg mest usikre, men det var stort sett meir eng som var over 7 år gamal på bruk inntil 100 dekar enn på større bruk. Særleg var det lite gamal eng på større bruk på Austlandet og i Trøndelag. Det var særst store areal av gamal eng på Vestlandet og i Nord-Noreg, jamført med areaala av 4—7 års eng.

